

Museumssenteret i Hordaland

Samlingsplan

2024–2027

M U
H O

Eit natur- og kulturarvsmuseum

Museum for levande kultur-, natur- og industriarv, og kompetansmiljø for bevaring

Innhald

Innleiing	3
Del 1: Grunnlaget for samlingsforvaltning i MUHO	4
1.1. Vedtekter	4
1.2. Lovverk og offentlege dokument som gir føringar for arbeidet i MUHO	5
1.3. Kva er samlingsforvaltning i MUHO?	6
1.4. Organisering	8
Del 2: Omtale av samlingane	9
2.1. Oversikt over samlingar og eigarar	9
2.2. MUHO sine samlingar i tal	10
2.3. Om levande samlingar	11
2.4. Strategi for immateriell kulturarv	13
2.5. Havrå	18
2.6. Lyngheisenteret	22
2.7. Osterøy museum	28
2.7.1. Ådnatun	34
2.8. Tekstilindustrimuseet	35
2.9. Vestnorsk utvandringscenter	41
Del 3: Forvaltning av samlingane	46
3.1. Aksesjon	46
3.2. Bruk av samlingane	46
3.2.1. Flytting	46
3.2.3. Innlån	47
3.2.2. Utlån	47
3.3. Dokumentasjon	47
3.3.2. Registrering	49
3.3.3. Digitalisering og tilgjengeleggjering	50
3.4. Bevaring	52
3.5. Samlingsutvikling	54
3.5.1. Revisjon av samlingane: prioritering og avhending	54
3.2 Strategi for innsamling og dokumentasjon	55
Vedlegg 6: Tiltak 2024–2027	56

Framsidedfoto øvst f.v.: oppstadvev med varafell, Osterøy museum; reparasjon av strikkemaskin, Tekstilindustrimuseet; ras på Havrå: prærielandsbven på Vestnorsk Utvandringscenter; lvngebrenning på Lvgra (siste foto: A. Langøy).

Innleiing

Musea sitt fremste samfunnsoppdrag er å forvalte materielle og ikkje-materielle kulturminne og sikre framtidige kunnskapskjelder. Gjennomtenkt og berekraftig forvaltning av samlingane er ein føresetnad for formidling og forskning i museet, og innhaldet i denne planen må sjåast i samanheng med MUHO sine planar for formidling, forskning og utvikling.

MUHO har ei stor tematisk og typologisk breidd i samlingane, og i oppgåvene knytt til feltet samlingsforvaltning. Denne planen omfattar dei samlingane museet eig, eller har ansvar for å forvalte. Planen omfattar ikkje oppgåvene som er knytt til kompetansemiljøet MUHO har innan konservering og bevaring av gjenstandssamlingar og bygg (Bevaringstenestene og Kulturverntenesta i Nordhordland).¹

Planen skal

- vere eit verktøy for fagleg utvikling av feltet samlingsforvaltning,
- gjere samlingsforvaltninga konkret og tydeleg,
- hjelpe oss til ei berekraftig samlingsforvaltning- og utvikling,
- sikre framdrift i arbeidet og organisere oppgåver og ressursar på ein tenleg måte,
- og sikre at samlingsforvaltninga er i tråd med offentleg museumspolitik og standardar.

Mål og tiltak er sett ut frå kva museet vurderer som mogeleg innan dei tilgjengelege rammene for økonomi og personalressursar, og i balansegang med dei andre verkefelte museet skal dekke i planperioden.

Prosjektgruppa som har arbeidd fram planen er: Solveig Jordal (leiar), Hanne Dale, Nikolai Rypdal Tallaksen og Marit Adelsten Jensen. Planen er utarbeidd på grunnlag av innspel frå, og i samarbeide med dei avdelingane som har samlingar.

Salhus, 01.11.2023

¹ BEV og KiN yter tenester innan samlingsforvaltning, rådgiving og dokumentasjon til museum og andre aktørar, men har ikkje egne samlingar.



Ill: Haltenbanken.

Del 1: Grunnlaget for samlingsforvaltning i MUHO

For å sikre profesjonell, fagleg kvalitet i arbeidet med samlingane er det viktig at dei tilsette også har god kjennskap til andre styringsdokument som beskriv samfunnsoppdraget generelt, og samlingsforvaltning spesielt.

1.1. Vedtekter

§3. Føremål for Stiftinga Museumssenteret i Hordaland:

Museumssenteret i Hordaland er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som har til føremål å drive bevaring, forskning, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie og samferdsel.

Museumssenteret i Hordaland skal utføre tenester innan samlingsforvaltning for musea i Hordaland.

Museumssenteret i Hordaland skal ha fagleg ansvar for og drifte dei einingane som inngår i samarbeidsavtale med Museumssenteret i Hordaland. Fagmiljøa som er representerte ved Museumssenteret i Hordaland skal vidareførast og vidareutviklast.

Samlingane i MUHO har fleire eigarar, og vedtektene for dei ulike stiftingane set også rammer for forvaltninga av samlingane dei enkelte stiftingane eig.

M U H O

Forvaltningsansvaret til museet går utover det MUHO eig, og skal i slike tilfelle byggje på skriftlege avtalar med eigarane som er godkjende av styret i MUHO.

1.2. Lovverk og offentlege dokument som gir føringar for arbeidet i MUHO

ICOMs etiske retningslinjer

MUHO sitt arbeid skal til ei kvar tid vere i samsvar med ICOMs etiske retningslinjer, og dei tilsette skal vere oppdaterte og kompetente innan museumsetiske problemstillingar.

I ICOMS museumsetiske regelverk vert det presisert at musea forvaltar samlingane på vegne av samfunnet og til det beste for samfunnsutviklinga:

Museer har plikt til å anskaffe, bevare og utvikle samlingar som bidrag til å sikre samfunnets naturarv, kulturarv og vitenskapelige arv. Disse samlingene utgjør et viktig felles kulturgode som har en spesiell juridisk status og internasjonalt rettsvern. I dette samfunnsansvaret ligger forvalteroppgaver som inkluderer aktsomhetsplikt, langsiktig vern, dokumentasjon, tilgjengelighet og avhending under ansvar.²

UNESCO

- [Konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven](#)
- [Konvensjon om bevaring av verdens kultur- og naturarv](#)
- [Biosfære Nordhordland](#)

FN

- [Konvensjon om biologisk mangfold \(fn.no\)](#)

Aktuelle norske lover

- [Lov om arkiv \(arkivlova\)](#)
- [Lov om dyrevelferd](#)
- [Lov om forvaltning av naturens mangfald](#)
- [Lov om kulturminner \(kulturminneloven\)](#)
- [Forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstander](#)
- [Lov om opphavsrett til åndsverk mv. \(åndsverkloven\)](#)
- [Forskrift til åndsverksloven](#)
- [Lov om matproduksjon og mattrygghet \(matloven\)](#)
- [Økokrim: miljøkriminalitet](#)
- [Lov om skytevåpen og ammunisjon m.v. \(våpenloven\)](#)

Anna

- [Opphavsrettsdirektivet \(INFOSOC00\) Europa](#)

² [ICOMs museumsetiske regelverk](#), punkt 2.

M U H O

- [Creative Commons](#)

Nasjonale, fylkeskommunale og kommunale planar

Statleg museumspolitikk er konkretisert i stortingsmeldingar og budsjettproposisjonar som blir formidla gjennom årlege tilskotsbrev. Kulturdepartementet har varsla ei ny stortingsmelding om musea i 2021.

I tillegg til Kulturdepartementet, ligg forvaltning av samlingane i MUHO også til Miljøverndepartementet gjennom tilskotsordningar forvalta av fylkeskommunen, statsforvaltaren (tidlegare fylkesmannen) og kommunen. Tilskotsordningar frå Mat- og landbruksdepartementet vert forvalta av statsforvaltaren og kommunen.

Vestland fylkeskommune: [Premiss Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025](#)

[Samlingsplan for musea i Hordaland 2015–2020](#)

Bergen kommune: [Plan for museer og frivillig kulturvern 2022-2031 for Bergen](#)

[Kulturstrategi for 2015–2025](#)

Alver kommune: [Kulturminneplan 2011–2021](#)

Ressursar og oppdatert informasjon

samlingsnett.no

1.3. Kva er samlingsforvaltning i MUHO?

Samlingsforvaltning i MUHO skal sikre at vi tek vare på eksisterande samlingar og vernar framtidige kjelder. Forvaltning av eksisterande samlingar gjer vi gjennom å til ei kvar tid:

- vite kva vi har og kvar vi har det,
- vite kva vi kan og ikkje kan gjere med samlingane,
- halde oss oppdaterte på kunnskap og kompetanse knytt til breidda av samlingstypar,
- halde oss oppdaterte på aktuelle verktøy og metodar
- halde oss oppdaterte på nye lovverk, retningsliner og støtteordningar
- og utvikle samlingane gjennom revisjon av eksisterande samlingar, og ny innsamling og dokumentasjon.

Planen skal vere ein reiskap til ei berekraftig samlingsforvaltning i MUHO. Med det meiner vi at:

- Tilvekst til samlingane i størst mogleg grad skal vere i tråd med samlingsplanen (jf. ICOMS museumsetiske regelverk 2.9).

M U H O

- Tilveksten må stå i forhold til kapasitet og ressursar til oppbevaring av materialet, og å gjennomføre dokumentasjonsarbeid.
- Museet også innan samlingsforvaltninga, som i resten av drifta, arbeide med å minske eigen påverknad på det ytre miljøet, og tilpasse seg klimaendringane.
- Prioritering i eksisterande samlingar er viktig for å nytte ressursane til museet best mogleg, og saman med medvitne inntak kan det minske samlingane si påverknad på det ytre miljøet.
- For objekt utandørs, må museet undersøke påverknaden klimaendringane vil ha på dei, og legge planar for å tilpasse seg det. Sjå mellom anna [2.3. Om levande samlingar](#).
- Berekraftig forvaltning av kulturlandskapet vil seie å halde det i hevd og tilbakeføre kulturlandskapet til ein gitt status i samsvar med skjøtselsplanen.



Flaum i Milaelva ved fabrikkbygningane til Salhus Tricotagefabrik/Tekstilindustrimuseet, 2007.

1.4. Organisering

Direktøren har det overordna ansvaret for samlingsforvaltninga i MUHO, for rapportering til styret og eksterne aktørar. Det faglege innhaldet – tema og kunnskap – i samlingsforvaltninga skal vere forankra på dei ulike avdelingane.

Det er viktig å ha eit samlingspunkt for avdelingane for å kvalitetssikre arbeidet og dele kunnskap, drøfte standardar og vidareutvikling. Dette organet vert også tillagt ansvar for avgjerder som gjeld inntak av større gjenstandar og avhending. Dette bør vere eit fast organ og ikkje berre organiserast som eit prosjekt. I planperioden skal MUHO ha ei faggruppe for samlingsforvaltning som rapporterer til leiargruppa ved fagleg leiar. Gruppa har fylgjande mandat:

- rullere samlingsplanen, utarbeide tiltaksplanar og felles rutinar, i samråd med fagleg leiar
- følge opp aktuelle standardar på feltet, slik som SPECTRUM,
- vere MUHO sitt kontaktledd til Samlingsutvalet i Vestland³
- ta avgjerder om inntak av større gjenstandar , samlingar og driftsområde, samt avhending av kjeldemateriale frå samlingane, i samråd med fagleg leiar.
- koordinere rapportering til KUD og fylket, etter oppdrag frå fagleg leiar

Gruppa skal ha 3 faste medlemmer, men kan henta inn nødvendig informasjon frå avdelingane og utvidast i samband med dei ulike oppgåvene som skal utførast. Medlemmene og leiar vert peika ut av leiargruppa.

³ Samlingsutvalet i Vestland er eit felles organ for dei konsoliderte musea i fylket (med ein representant frå kvart museum), ei samanslåing av Samlingsrådet og Brukarforum. Utvalet er eit diskusjonsforum for samlingssspørsmål, og for å representere interessene til dei konsoliderte musea overfor Bevaringstenestene.

Del 2: Omtale av samlingane

2.1. Oversikt over samlingar og eigarar

MUHO har vore gjennom fleire konsolideringsfasar, og har ulike eigarar til bygningar og samlingar.

Anlegg	Eigar
Samlingar, bygningar og anlegg Tekstilindustrimuseet (Delar av) gnr/bnr 177/7, 177/126, 177/306 177/337, 177/349, 177/351, 177/353 og 177/355.	Museumssenteret i Hordaland (MUHO)
Bevaringstenestene sitt anlegg i Salhus	Vestland fylkeskommune
Bygningar og samlingar på Gjerstad, Mjeldalen, Brakvatne og Valestrandsfossen	Stiftinga Osterøy museum
Samlingar og bygningar i Ådnatun	Indre Arna sogelag
Bygningar, jord og samlingar Havrå br.nr 68/2, (Larsabruket), 68/6 (Guleksbruket) Torpahuset på Blom 68/9 68/1 og 4 Gjertinhuset Forvaltningsavtale for delar av bygningsmassen på bruk 1 og 4)	Stiftinga Havråtunet ⁴ Delvis forpaktaravtale Kåre Havre Forpaktaravtale Johannes Torp MUHO Johannes Torp
Bruk 68/8 Skjøtselsavtale	Leif Havre
Bygningar, anlegg Lygra	Stiftinga Lyngheisenteret
Bruk 57/2	Stiftinga MUHO
Avtale forvaltningsansvar 57/1, 57/ 3 , 57/4, 57/5	Ole Mathias Lygre, Stein Lygre, Johan Lygre, Jorunn Wrigglesworth
Bygningar, samlingar, anlegg Sletta	Stiftinga Vestnorsk utvandringssenter
Avtale om forvaltningsansvar Treskoverkstaden Hosanger	Privat eigar

⁴ Stiftinga Havråtunet eig bruk 68/2 (Larsabruket) 6 (Guleksbruket) og Torpahuset på Blom. MUHO eig bruk 18 (Gjertinhuset). Kårbustad bygd i 1932, utskilt frå bruk 6. I tillegg har MUHO forvaltningsansvar for delar av bygningsmassen til bruk 1 og 4 (Semensbruket). Totalt har MUHO forvaltningsansvar for 24 bygg, inkludert to ruinar.

2.2. MUHO sine samlingar i tal

Alle tal er pr 31.12.2022.

Type	Totalt	Registrert	Digitalisert	Publisert	Bruttoareal
Kulturhistoriske gjenstandar	39 470	23 142	12 327	11 479	
Fotografi	17 764	6 711	4 072	2 784	
Lyd/film					
Arkiv (hm)	588	69	69	69	
Kulturhistoriske bygningar	102	102	102	36	
Farkostar	5	4	4	4	
Kulturlandskap ⁵	2	2	2	2	3 626
Teknisk industrielle anlegg	1	1	1	1	
	Tal sauar⁶	Tal kyr⁷	Driftsområde⁸		
Levande samlingar	101	2	9		
Oppbevaringsforhold	Svært gode	Tilfredsstillande	Ikkje tilfredsstillande	Dårlege	
Kulturhistoriske gjenstandar	31 %	40 %	24 %	5 %	
Fotografi	3 %	78 %	18 %	0 %	
Farkostar		60 %		40 %	

⁵ Digitalisering: kulturlandskapa er registrerte i andre digitale system enn Primus, sjå målområde [Registrering](#).

⁶ Teljing av husdyr skjer på same måte som til søknad om produksjonstilskot.

⁷ Teljing av husdyr skjer på same måte som til søknad om produksjonstilskot.

⁸ Driftsområde: eit fysisk område definert ut frå kulturavhengige naturtypar som krev ulik skjøtselsmetode.



Arbeid på garden Havrå.

2.3. Om levande samlingar

Med omgrepet «levande samling» legg vi til grunn følgjande definisjon: «levande biologiske organismar som er del av norske museum si samling». Døme på dette er husdyr som sau og kyr, kulturhistoriske hageanlegg og einskilde plantar/tre, samt heilskapleg kulturbiologiske system som inneheld planter, dyr og landskap som er avhengige av skjøtsel og tilrettelegging for at livsløpet deira skal kunne vidareførast og fornyast. I tillegg kjem «vill natur», som t.d. vern av gammal skog.

Mennesket sitt samspel med naturen er heilt avgjerande for ei levande samling. Levande samlingar finn ein i kulturlandskapet. I den vidaste tolkinga er kulturlandskap alt landskap som er teke i bruk av menneske. Ein slik definisjon rommar både kulturlandskapet i landbruket (det mat- og vyrkeproduserande landskapet) og historiske hageanlegg, eller verna skog der vert driven hogst, jakt og fiske.

Dei levande samlingane i MUHO finn vi på Havrå og Lyngheisenteret. MUHO har ansvaret for fem av dei åtte bruka i det freda kulturmiljøet Havrå, og Lyngheisenteret som eig eit av fem bruk på Lygra og har samarbeidsavtalar med dei andre bruka om forvaltning av kulturlandskapet. Kulturlandskapa på Havrå og Lyngheisenteret er ulike både med tanke på kva kulturavhengige naturtypar, topografi og dertil høyrande reiskap som vert nytta i skjøtselen av landskapet. Begge er representative gardar frå kyst og fjordstrøka på Vestlandet, og dei har produsert mat, ull og vyrke i mange tusen år.

Praktisk kunnskap i bruk av stadeigen reiskap er den overordna skjøtelsesmetoden. Dokumentarfilmen om Havrå frå 1949/50 er saman med skjøtelsesplanen for garden grunnlaget for drifta på Havrå.

På Lygra er det lyngheiane som vert forvalta etter tradisjonelle metodar tufta på naturfagleg og kulturhistorisk forskning i «Lindåsprosjektet» på 1970-talet leia av UiB, og på innsamling og dokumentasjon frå Lygra og Nordhordland 1990–2000 ved UiB/HFK. Alle bruka på Ytre Lygra tek del i forvaltninga av lyngheiene gjennom Lygra Villsaulag.⁹

Kulturlandskapet skal overleverast til neste generasjon i minst like god stand som det er i dag. Det betyr at praktisk skjøtsel er primær oppgåve, medan dokumentasjon, registrering og formidling vert sekundær oppgåver.

Utfordringar

Dei største utfordringane er knytt til manglande og feil skjøtsel over lengre tid, og til klimaendringar. Dette får konsekvensar i form av attgroing, tap av biologisk mangfald, erosjon, øydelagde kulturminne (steingardar, trapper), rotvelter, granfelt som spreier seg, og skuggar for viktige artar som treng lys, i tillegg til uønskte artar som fortrengrer opphavleg vegetasjon. Hjortestamma er òg for stor, slik at den øydelegg biologiske verdiar. Dette gjeld særleg frukttré, lauvtré med unntak av bjørk, samt styvingstre i alle aldrar.

Museet restaurerer jamt gamal slåttemark, utslått, utmarksbeite, steinkonstruksjonar, bygg, styvingstre, og ryddar opp etter rotvelter. Likevel er granskogen og hjorten si vinterbeiting så omfattande at Statsforvaltaren i Vestland og Osterøy kommune må rådførast. Sjå [tiltaksdelen](#).

Digitalisering

Dei levande samlingane er godt registrerte og digitalisert gjennom naturvitskaplege system og gjort tilgjengeleg i ulike databasar. Ein treng å kople saman informasjonen som ligg i dei ulike systema. Museet samarbeider med NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning), men dette er avhengig av tilskot til dei ulike digitaliseringsprosjekta.

Havrå manglar system for overvaking og dokumentasjon av samlingane over tid. Dette behovet blir endå større sett i lys av klimaendringane. Kunnskapsdimensjonen knytt til praktisk skjøtsel og kulturbiologisk mangfald vert ikkje dokumentert av dei digitale systema.


Sårbar kunnskap

Å overføre kunnskapen om den praktiske skjøtelsen til nye personar tek lang tid. Det er ei stor utfordring knytt til å ha tilstrekkeleg med kvalifisert arbeidskraft til å drive praktisk skjøtsel av landskapet, og å sikre kunnskapen gjennom å overføre den til fleire. I dag er det spesialkunnskap, ofte knytt til berre ein person.

⁹ Innmarka på tre av bruka vert driven som på ein moderne gard, ein vert driven økologisk, og bruket som LHS eig vert drive økologisk og dels kulturhistorisk/ produksjon til kjøkkenet på senteret.

Klimaendringar

Klimaendringane fører til nye utfordringar knytt til ekstremvêr som skadar samlingane, slik som store tre som veltar. Dette fører til ras, erosjon, øydelagde bekkefar, veiter, bygningar med meir. Det er også utfordringar knytt til vanlege driftsoppgåver som er vêravhengige, som brenning av lyng og innhausting. Natursamlingane vert også påverka av auka gjennomsnittstemperatur i form av auka vekst. Konsekvensane er at ein brukar auka tid og ressursar til å reparere skadar, og at det er vanskelegare å bevare samlingane på ein tilfredsstillande måte.



Ras på Havrå, eit resultat av manglande skjøtsel og sterk vind. Meir ekstreme vêrforhold og auka nedbør på våre trakter fører til nye utfordringar å ta vare på dei samlingane våre som er utandørs.

2.4. Strategi for immateriell kulturarv

Unesco-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven pålegg det norske samfunnet store forpliktingar om å ta vare på immaterielle kulturuttrykk, og krav om å synleggjere og sikre respekt og anerkjening for ikkje-materiell kultur. Musea må sjå materielle og immaterielle kulturuttrykk i samanheng. (St.meld. 22, Kjelder til kunnskap).

Den ikkje-materielle kulturarven kan dokumenterast gjennom lyd, foto og film, for å sikre kunnskap om tradisjonane, men kunnskapen og tradisjonane vil døyt ut om ingen ser verdi av å praktisere teknikkane, dansen og forteljingane. Den praktiske kunnskapsarven og kulturuttrykka må sjåast i samanheng med samlingane og ansvarsområda våre. Den handlingsborne kunnskapen er ein føresetnad for å bevare deler av samlingane våre, men også for å auke kjeldeverdien i kulturhistoriske samlingar ved å kople dei til kunnskapen om materialar, teknikkar, produksjon og bruk.



Lyngbrenning på Lygra. Foto: A. Langøy.

Prioriterte tema

Det kan vere vanskeleg å avgrense eit tema innan handlingsboren kunnskap, sidan det karakteristiske her er nettopp det prosessuelle, som kan starte med å stelle skog slik at ein får rette materialar til reiskapen ein treng, sortere ull for å få rett kvalitet til det produktet som er mål med produksjonen, eller kunne spa, så og mille ein åker, slik at ein kan produsere korn, male og til slutt koke graut. Museet har eit særleg ansvar for å sjå heilskapen og samanhengane kunnskapen inngår i. I andre samanhengar der handlingsboren kunnskap vert vidareført er det ofte som isolerte teknikkar, der t.d. materialkunnskapen ikkje er sett som viktig.

MUHO prioriterer nokre tema og felt innan immateriell kulturarv som skal sikrast ved at eigne tilsette skal ha kunnskap i:

- forvaltning av dei levande samlingane på Havrå og Lygra
- vedlikehald og bruk av maskiner i Salhus Tricotagefabrik
- produksjon av tresko på Hosanger Treskofabrikk (som døme på småindustri)
- tekstilhandverk: bruk av oppstadvev (dette inkluderer mellom anna bruk og bearbeiding av ull, produksjon og bruk av tekstilar)
- bygningshandverk: her må museet òg støtte seg på lokale nettverk av tømrrarar og tradisjonshandverkarar for å dekke alle relevante teknikkar

Immateriell kulturarv som forvaltningsmetode

Den handlingsborne kunnskapen er ein føresetnad **for** å forvalte deler av samlingane våre. Dette gjeld kulturlandskapet, maskiner i Salhus Tricotagefabrik og Treskoverkstad, samt bygningssamlingane i museet.

Den praktisk-økologiske kunnskapen om forvaltning av landskap og naturressursar er utvikla og spesialisert gjennom fleire tusen år. Arbeidsteknikkar og reiskapskultur er tilpassa det stadeigne landskapet med ulike klimatiske, geografiske og ressursmessige forhold. Dei førindustrielle arbeidsmetodane og reiskapane er tilpassa dei naturressursane som finst lokalt.

Det same prinsippet gjeld for husdyrhaldet som mange av landskapstypene er avhengige av. Både kunnskap om kva ulike raser eignar seg best til, og korleis ulike husdyrslaga skal handterast i ulike naturmiljø dei er tilpassa til.

Kulturlandskapet i jordbruket er eit produksjonslandskap, styrt av mennesket sitt behov for mat, reint vatn, bustad, tekstilar og vyrke, tufta på lokale ressursar. Saman med husdyr, kulturplanter, klima, geologi og topografi vert den stadbundne skjøtselsmetoden, den lokale reiskapskulturen og arbeidsteknikkane vevde saman til det ein kallar eit kulturbiologisk system.

Den handlingsborne kunnskapen er i dag også ein skjøtselsmetode for å bevare dei levande samlingane, og det er utarbeidd skjøtselsplanar for dei ulike delane av desse samlingane, der dei konkrete kunnskapsområda vil vere definerte. Produksjon av reiskapar inngår i noko omfang også i denne samanhengen.

Vedlikehald og bruk av maskiner på

Salhus Tricotagefabrik: kunnskap om vedlikehald og bruk av maskinene er i dag ein metode for å ta vare dei (vern gjennom bruk). Demonstrasjon av maskiner står sentralt i formidlinga av fabrikkannlegget og konkretiserer produksjonsprosessar, støy og det einsformige ved å arbeide på fabrikk. Denne typen bruk av maskinene må heile tida sjåast i samheng med originalitet og bevaring av maskinene som museumsgjenstandar (vern gjennom bruk samanlikna med å bruke opp).

Småindustri – Hosanger Treskoverkstad: gjennom samarbeid med frivillige sikrar ein



Reparasjon av sokkestrikkemaskin, Tekstilindustrimuseet.

M U H O

kunnskapen som skal til for å lage tresko, og for å drifte og vedlikehalde maskinparken og verkstaden. Ein viktig del av kunnskapsoverføringa er knytt til kurs og undervisningsopplegg for skulen.

Bygningshandverk: Her vil det variere kva kunnskap museumstilsette har til ei kvar tid. Det er difor viktig å sjå museet sine kunnskapsressursar i samanheng med lokale nettverk av handverkarar og tradisjonsberarar slik at ein sikrar tilgang på relevant kompetanse til ei kvar tid, og brukar denne både i vedlikehald og bevaring av bygningssamlingar, men også i formidlingssamanhengar i museet. Museet må sikre kunnskap innan grindbygg, laft og brakledning som er grunnpilarar i byggeskikken i regionen, og ein viktig del av museets samlingar.

Tekstilhandverk: Bruk av oppstadveven går langt attende i tid, men svært få stader i landet har ein ubrotten tradisjon knytt til bruken av denne vevstolen. Museet har i samarbeide med tradisjonsberarar opparbeidd kunnskap om denne tradisjonen spesielt og tekstil generelt. Det er tilsett eigen tekstilhandverkar som også inngår som nav i nettverk av frivillige som kan ullsortering, spinning og andre tekstile teknikkar.



Oppstadvev med varafell på Osterøy museum.

Ulike metodar for å sikre og vidareføre immateriell kulturarv

MUHO skal arbeide etter fleire tilnæringsmåtar for å sikre og vidareføre immateriell kulturarv:

- Som metode for å bevare eigne samlingar.
- Eigne tilsette opparbeider kunnskap innan handverk som er særprega kulturuttrykk i vår region, eller samlingane våre.
- Museet er nav i eit nettverk av frivillige som opparbeider og vidarefører kunnskap innan særprega kulturuttrykk.
- Museet dokumenterer våre eigne og andre tradisjonsberarar sin kunnskap og kulturuttrykk, tek vare på resultatata og formidlar dei vidare, på nett, gjennom utstillingar og liknande.

Utfordringar

Den største utfordringa ligg i at kunnskapen er sårbar, sidan den i hovudsak er knytt til enkeltpersonar i museet eller frivillige, og det tek lang tid å opparbeide kunnskap og erfaring til eit

M U H O

slikt nivå at vi kan sei at kunnskapsarven er sikra. Dette vert forsterka av knappe stillingsressursar. Den praktiske kunnskapen opparbeider ein berre gjennom eige arbeid og mengdetrening. Det er ei stor utfordring både å få nok arbeidserfaring, og samstundes vidareføre kunnskapen. Den kan berre bevarast gjennom vidareføring til nye tradisjonsberarar. Museet si utfordring er å setje kunnskapen inn i nye, dagsaktuelle samanhengar slik at den vert oppfatta som relevant i vår eiga samtid.



2.5. Havrå

Samlingshistorikk

Garden Havrå på Osterøy har vore i samanhengande drift i 3500 år. Den representerer i dag unike verdiar knytt til landbrukshistorie, kulturlandskap, byggeskikk, genressursar og handlingsboren kunnskap om stadbundne, førindustrielle driftsmetoder i landbruket. Dette var også årsaka til garden ikkje vart utskifta. Den heilskaplege drifta av garden tok slutt like etter krigen.

Stiftinga Havråtunet vart oppretta 1973, med intensjon om å vidareføre den tradisjonelle drifta. I 1998 vart heile garden freda etter § 20 i Kulturminnelova. Føremålet var:

Å ta vare på og sikre eit nasjonalt kulturhistorisk og arkitektonisk eineståande fjordgardsanlegg, slik Havrå står fram med eit heilskapleg vestnorsk klyngjetun med tilliggjande landbrukslandskap, og der jorda aldri har vore undergitt eit samla jordskifte. Målet er å ta vare på dette kulturmiljøet som ein historisk referanse og ei kjelde til kunnskap og forskning om levkår og driftsform knytt til det førindustrielle landbruket med tilhøyrande binæringar, og å sikra opplevingsverdien av Havrå med innmark og utmark” (Forskrift om freding av Havrå som kulturmiljø i Osterøy kommune, Hordaland fylke, III).

Samlingane til Havrå er forma av intensjonane til Stiftinga Havråtunet og fredingsvedtektene. Men det er viktig å peike på at alvorlege globale trugsmlåa som klimaendringar og tap av biologisk mangfald er styrande som argumentasjon for prioriteringar. Samlingane omfattar kritisk truga

M U H O

slåtte-enger, haustingsskog/lauveng og ulike raudlisteartar. Dei er internasjonalt viktige, med nasjonale handlingsplanar.

Over tid har tilsette i museet opparbeid grundig kunnskap om, og i, skjøtelspraksis og korleis produsere mat og vyrke på stadeigne ressursar på Havrå – også omtala som «det kulturbiologiske system». Store delar av garden har vore i forfall sidan slutten på 1950-åra grunna manglande skjøtsel. Dette har store konsekvensar, mellom anna rotvelt, gjengroing og tap av artar. Museet sine skjøtsel- og forpaktingsavtalar med dei private grunneigarane har dei siste åra vist gode resultat når det gjeld restaurering av slåttemark og utmarksbeite. I tillegg er det laga avtale om skjøtelsbeiting med storfe i Markjæ (utmarksbeite), vår- og haustbeite med sau nedom fylkesvegen, samt sommarbeite i Udgerdet.

Det er samla ein del gjenstandar frå bruk 2 og 6 gjennom åra. I tillegg finnest her gjenstandar som me ikkje veit noko om. Hausten 2023 var dokumentasjonsteamet til Bevaringstenestene på synfaring. Her vart det bestemt kva gjenstandar som skulle inn i fellesmagasinet.

Skjøtelsplanen for Havrå blei godkjend i 2022 og er implementert. Retningslinene for dei ulike samlingane i landskapet er konkretisert her, og legg føringar. Mellom anna prioriteringar knytt til skjøtseltiltak i dei ulike driftsområda.

Samlingane i tal

Type	Totalt	Registrert	Digitalisert	Publisert	Bruttoareal
Kulturhistoriske gjenstandar	95	95	86	67	
Fotografi	250	-	-	-	
Lyd/film	-				
Arkiv (hm)					
Kulturhistoriske bygningar	27	27	27	-	1003 kvm
Farkostar					
Kulturlandskap	1	1	-	-	2000 dekar
Teknisk industrielle anlegg					
	Tal sauar	Tal kyr	Driftsområde		
Levande samlingar	43	2	5		

Kulturlandskap og levande samlingar

Dei levande samlingane omfattar heile garden, på 2000 mål. Den er delt opp i 8 bruk og har 5 ulike driftsområde fordelt på innmark og utmark. Her er trapper, steingardar, geil, elv og bekker, skogar, einskilde tre, husdyr, ville dyr, fuglar, insekt, lav, mose, urter, gras, korn, potet, hesjer og hesjestaur. Lista er uendeleg. Det vart laga ei kartlegging av biologisk mangfald på Havrå av John Bjarne Jordal i 2017. Dokumentet gjev ei viktig statusoppdatering knytt til kvar ein finn ulike artar, om nokon har blitt borte sidan siste registrering, gått tilbake eller om det har kome inn uønskte artar.

M U H O

Dei fem driftsområda er Bødn: slåttemark og åker. Udgjerdet: nyare slåttemark og åker (vert i dag berre nytta til beite for sau). Slåttna: Utmarksslått. Markjæ: Utmarksbeite. Skogen i Bergjet: haustingsskog.

Husdyr: 2 vestlandsk fjordfe og 16–20 vinterfôra gamalnorsk sau (villsau). Lam kjem i tillegg.
Kulturplanter: Havresorten Gullregn (sort frå 1950). Ein finn òg noko Svarthavre iblanda. Har såkorn sjølve. Potet: Ulike godkjente sortar. Nye godkjente settepotetar vert kjøpt inn kvart år.

Tunet: Tunet slik det er i dag, er frå ombygginga på 17/1800-talet. Teigdelinga er frå perioden 1907–1994 (*Havråboka* s. 47). Det har kome nye eigarar til, men teigdelinga er ikkje endra.

Bygningar

Stiftinga Havråtunet eig totalt 8 bygg i tunet, samt to vårflorar og utlør i Markjæ. I tillegg eig dei to naust i lag med bruk 7 i Blommastø (nabogrenda Blom). Her er det uavklart med bruk 7 om stiftinga lenger er deleigar. Dette må avklarast. Larsakvednhuset er eigd i lag med Tamburane på Blom. Simokvedhuset eig Guleksbruket i lag med Simobruket. Ei hustuft i tunet høyrer til bruk 2. Husa som MUHO har ansvaret for i dag er hovudsakleg frå 17/1800-talet og frametter, med unnatak av Guleksbue frå 1504. I tillegg finn ein delar av bygg og bygningselement (særleg i løene) som er eldre.

Gjenstandar

Havrå har i dag ei mindre gjenstandssamling som er registrert i Primus og oppbevart på fellesmagasinet. Desse fylgde med bruk 68/2 og 6 då dei var kjøpte av Stiftinga Havråtunet. Det finst framleis eldre reiskapar på dei ulike bruka på Havrå og det er behov for å utforme ein eigen innsamlings- og dokumentasjonsstrategi for reiskapskulturen på Havrå, elles må ein sjå bevaring av gjenstandar frå Havrå i samheng med Osterøy museum sin innsamlingsstrategi.

Det vert brukt eldre reiskapar og kopiar av tradisjonelle reiskapar i den daglege skjøtselen, og i ein del tilfelle inngår kunnskapen om tilverking og vedlikehald i driftsoppgåvene. Dette inngår i ein strategi for å sikre handlingsbore kunnskap. Desse reiskapane er ikkje ein del av samlingane.

Arkiv

Havrå har noko arkivmateriale. Det er lagra i magasin på Osterøy museum.

Dokumentasjon/kjeldeproduksjon

Dokumentasjon av eige skjøtselsarbeid samt opplysingar frå grunneigarane finst som foto, intervju, notat og rapportar. Det er rutine for fotodokumentasjon i samband med sesongarbeid, men ikkje nokon fast mal for slik dokumentasjon. Foto er lagra på harddisk, stasjonær PC på kontoret. Ikkje systematisert på tema. Intervju er anten lagra på minnebrikke, eller reinskrive frå notat tatt under samtalen, og lagra på stasjonær PC på kontoret.

Immateriell kulturarv

På Havrå er den handlingsborne kunnskapen skjøtselsmetode og føresetnad for å bevare samlingane. Grunnlaget for prioriteringar vil ligge i målet om å sikre kunnskapen som er knytt til korleis produsere mat og vyrke på stadeigne ressursar. Tradisjonsberarane har vore Johannes Torp og tidlegare gardsstyrar Kjetil Monstad. (sjå også kap 2.4. Immateriell kulturarv)

Bibliotek

Havrå har eit bruksbibliotek med mellom anna relevant faglitteratur frå det tidlegare etnologifaget.

Innsamlings- og dokumentasjonsstrategi

«Å samle inn» som omgrep, er komplisert når ein snakkar om immateriell kulturarv. Havrå skal forvalte den immaterielle kulturarven knytt til drift av kulturlandskapet på garden. Her vil det materielle og det ikkje-materielle henge uløyseleg saman. For Havrå sin del gjeld dette særleg den stadeigne skjøtselsmetoden, og korleis denne ga grunnlag for garden si evne til å produsere mat, tekstilar, bygningar, reiskapar og anna vyrke. Det er mykje akkumulert kunnskap om dette på Havrå i dag. Mykje er gjort av tilsette på Havrå (før og no) og mykje er gjort av andre.

Skjøtselsplanen for Havrå vert ferdig i løpet av 2019, og eit viktig arbeid framover vert å implementere denne i det dagleg arbeidet. Retningslinene for dei ulike samlingane i landskapet vil verte konkretisert her, og vil langt på veg legge føringar på kva me skal samle på. Dette gjeld både det materielle og immaterielle.

Hovudfokuset på Havrå er den immaterielle kulturarven, som er grunnlag for drift av kulturlandskapet og bruk av dei reiskapane som er knytt til arbeidet. Gjenstandar har status som bruksreiskapar i det daglege arbeidet. Det er i liten grad samla inn gjenstandar til ei museumssamling. Det er per i dag teke vare på ein del gjenstandar frå ulike bruk på Havrå, og det er viktig å gå gjennom dette for å avklare eigarforhold og vurdere om det skal inngå i museet si samling.



2.6. Lyngheisenteret

Samlingshistorikk

På Lygra går lyngheilandskapet tilbake til bronsealderen og har sidan vore i kontinuerleg drift. Lyngheisenteret (LHS) sitt føremål er at jordbruksproduksjonen til gardsbruka på Lygra skal drivast på ein slik måte at det historiske kulturlandskapet på Ytre Lygra og Lurekalven vert halde i hevd. Dette skjer i dag i samarbeid mellom LHS og gardbrukarane på Ytre Lygra.

Kystlyngheiene høyrer til eit stort nordatlantisk kystlandskap frå Nord-Portugal til Lofoten. Lyngheiene er ein del av ein felleseuropeisk kulturarv . I dag står denne særmerkte naturtypen i fare for å verta borte. I løpet av dei siste 100 åra er 80 prosent av lyngheiene i Europa borte på grunn av oppdyrking, forureining og attgroing. Kystlyngheiene er i dag ein truga naturtype, og 2015 vart Handlingsplanen for Kystlyngheiene i Noreg vedteken. Lyngheisenteret var ein viktig bidragsytar til faggrunnlaget for planen.

LHS vart oppretta i 2000 for å ta vare på kysten sitt kulturlandskap, den biologiske og kulturhistoriske kunnskapen og tradisjonane som er knytt til bruken av landskapet. Målet er også å setja lyngheilandskapet på Lygra inn i ein nasjonal og internasjonal samanheng.

Ved sida av å forvalte eigne samlingar, har Lyngheisenteret ei rolle som kompetansemiljø. Senteret spelar ei viktig rolle i forvaltninga av kystlyngheiene i Norge, gjennom avtale med Miljødirektoratet

M U H O

om fagleg rådgiving for heile landet, og som leiar for det Nasjonale lyngheinettnettet LyngNett og aktiv deltakar i «European Heathland Network».

Eit sentralt mål for samlingsforvaltninga er å ivareta det biologiske mangfald og det sosial-økologiske systemet som er knytt til dette landskapet. Naturmangfaldet og genressursar skal oppretthaldast. LHS og Lygra er eit viktig referanseområde fordi ein har drive forskning her i 30 år, og formidlingssamanheng er berekraftig ressursbruk eit sentralt tema.

Vernearbeidet på Lyngheisenteret/Lygra har sitt utspring i Universitetet i Bergen (UIB) sitt tverrfaglege forskingsprosjekt «Lindås-prosjektet» i 1971–1976. Eit av dei viktigaste funna i prosjektet var at kystlyngheiene er eit over 4000 år gammalt kulturlandskap, og at det var dei tradisjonelle driftsformene som hadde gitt lyngheiene sitt karakteristiske kulturlandskap. Dei arkeologiske utgravingane av gardsanlegget på Lurekalven 1973 til 1978 gav også viktig kunnskap om vegetasjons- og busetjingshistoria på Lygra.

Samlinga i tal

Type	Totalt	Registrert	Digitalisert	Publisert	Bruttoareal
<i>Kulturhistoriske gjenstandar</i>		-	-	-	
<i>Fotografi</i>	149	-	-	-	
<i>Lyd/film</i>	-				
<i>Arkiv (hm)</i>	-				
<i>Kulturhistoriske bygningar</i>	15	15	15		
<i>Farkostar</i>	-				
<i>Kulturlandskap</i>	1	1	1	1	1 626 dekar
<i>Teknisk industrielle anlegg</i>					
	Tal sauar	Tal kyr	Driftsområde		
<i>Levande samlingar</i>	58		4		

Kulturlandskap og levande samlingar

Samlingane til Lyngheisenteret er kystlyngheiene: kulturlandskapet på Ytre Lygra. LHS forvaltar 1500 mål da lyngheier på Tangane og Lurekalven i samarbeid med dei fire andre bruca på Ytre Lygra. Bruk 57/2 med areal på 50 mål innmark, ca. 70 mål kulturbeite og 200 da på Lurøy. Arealet her er attgrodd gamal lynghei med spreidd furuskog. Lyngheiene vert halde i hevd med beiting, lyngbrenning og mekanisk rydding av busker og kratt.

Gardane på Ytre Lygra eig kvar sin teig på nordenden av øya Lurøy. Garden til LHS har ca. 200 da. Totalt eig gardane på Ytre Lygra ca. 850 da av Lurøy. Frå 1960 og fram til 1967 slutta gardane på Lygra å beite på øya. På 1970-talet vart delar av øya planta med gran. Teigen til LHS er ikkje tilplanta, men det har vakse opp spreidd furuskog. Klebersteinsgruva ligg på bruk 57/3 sin eigedom. Totalt eig gardsbruca på Ytra Lygra eit areal på ca. 2856 da, dette er innmark, utmark og inkluderer Lurekalven og delar av Lurøy.



Forvaltning

Lyngen i heiene er i god stad. På Tangane treng ein meir godt sommarbeite, og avdelinga har utfordringar med einstape etter brann. Brenning vert gjort etter brannkart, og lyngen vert brend med 10–15 års mellomrom. Lurekalven vert halden i bra hevd med beiting av Gamalnorsk sau (villsau), lyngbrenning og mekanisk rydding av skog og kratt. Her er det utfordringar med attgroing av bjørk og vier grunna av for lite beitetrykk.

Kulturbeite

Rundt 70 da beite frå bøgarden til

tverrgjerde: blanding av gras, urter og lyng. Nordre del: myr. Mange raudlista beitemarksoppar på den gamle beitemarka. Sjå skjøtselsplan for området.

Innmark og bruk 57/2 Magnusgarden

Det også 500 mål med innmark fordelt på dei 5 bruka. Lyngheisenteret er eigar av bruk nr 2, som rommar totalt 429,5 da, i tillegg til Lurekalven på ca. 980 da som er felleseige med dei andre 4 bruka. Innmarka vert forvalta og driven av det einskilde bruket. Magnusgarden har 50 da med innmark – ca. 35 da er fulldyrka. Dette er åkerareal, slåtteareal og randsoner som er brukt til beiting, og frukt og bærhage. Driftsbygning med sauefjøs/kubåsar, låve, og silo. Ein del av slåttearealet er oppdyrka myr.

Målet er å drive ein del av garden kulturhistorisk, med slåttemark, åkerbruk, frukt- og bærhage, innmark og utmarksbeite, gardflor, torvhus, moldtak og naust. Denne delen vil inngå i samlingane. I dag vert ein mindre del av garden driven kulturhistorisk og brukt i formidling og ein del til

M U H O

produksjon til kafé/restaurant. Det må utarbeidast ein heilskapleg skjøtelsesplan for garden. I tillegg skal arealet brukast til produksjon av grønnsaker, poteter mm til kjøkkenet ved LHS.

Dyr

Lyngheisenteret har som mål at den autentiske drifta og skal fungere som eit reservat for eldre husdyrassar knytte til kystlandskapet. Lyngheiene vert beita av Gamalnorsk sau (villsau) – sauen var reintrodusert på Lygra i 1992 med individ frå Austevoll. I tillegg har Lyngheisenteret Gamalnorsk Spel og Kvit spelsau på Ytre Lygra. Bruk 57/5 har Vestlandsk Raudkoll. LHS ynskjer også å bruke Kystgeit til å beite på Lurekalven og eventuelt Lurøy for hindre attgroing. Gamalnorsk sau (villsau) som går på heilårsbeiting med lyng på Tangane og Lurekalven: totalt 110 og 120 dyr vaksne hodyr + vêrar og lam, i samarbeid med dei andre grunneigarane på Ytre Lygra. For LHS sitt bruk utgjer det 22 vaksne hodyr .

Gamalnorsk spælsau: ca. 10 vaksne dyr + ver og lam som beiter på innmark/kulturbeite med lyng. Utegangar heile året, får tilleggsfôr om vinteren.

Antikvariske bygningar og anlegg i kulturlandskapet

Bygningane som høyrer til LHS sitt bruk 57/2 er eit våningshus frå 1913, driftsbygning frå 1898, gardflor, torvhus og naust. I tillegg har LHS forvaltningsansvar for dei antikvariske bruksbygningane som ligg i utmarka på Ytre Lygra, og antikvariske bruksbygningar knytt til sjøbruk. Ein del av bygningane vert nytta aktivt i det daglege arbeidet med og i samlingane. LHS eig 5 historiske bygningar på bruket, og har ansvar for 10 andre kulturhistoriske bygningar i utmark/sjøbruk. Under etableringa av Lyngheisenteret 1992–2000 vart 25 historiske bygningar restaurert på Ytre Lygra: 3 våningshus, 3 driftsbygningar, 1 smie, 6 naust, 1 nothengje, 3 gardflorar, 5 torvhus og 2 moldhus og 1 uthus. På Indre Lygra vart 3 naust og 2 torvhus restaurert i Lurevågen. I 2010 vart Kubåtnaustet i Lurevågen restaurert.

Fornminne

Steinalderbuplassar, det største gravfeltet i Nordhordland, og andre gravhaugar frå jernalder og vikingtid, åkerreiner, 40 kolgroper og fornfunn, i tillegg til mellomaldergarden i Lurekalven ligg på eigedomane som vert forvalta på Ytre Lygra. Fornminna inngår i formidlinga og vert stelte og formidla i samarbeid med Vestland fylkeskommune, som har forvaltningsansvar.

Steingardar

1,5 km med steingardar var restaurert under etableringa av Lyngheisenteret. Desse inngår i dag under LHS sitt forvaltningsansvar.

Turstiar som bevaringstiltak

4 km turstiar vart laga under etableringa av Lyngheisenteret. Ein del av stiane følgjer dei gamle stiane i terrenget. Stiane vert vedlikehalde slik at publikum skal få sjå lyngheia og kulturlandskapet utan å forstyrre dyra og plantar, hekkande fuglar og den økologiske balansen i naturen.

Gjenstandar

M U H O

LHS har ikkje som mål å samle kulturhistorisk gjenstandsmateriale til eiga samling. Det kan likevel vere aktuelt å ta imot gjenstandar som inngår i ein formidlingsplan. Det bør utformast rutinar for mottak og handsaming av desse.

LHS har i dag gjenstandar frå huset til Mandus Fondenæs (1889–1977) og Klara Fondenæs (1901–1974). Samlinga vert brukt til formidling. Gjenstandar frå bruk 57/1 og 57/2: i hovudsak inventar og møblar. Dette er formidlingssamling.

Dokumentasjonsmateriale: Film, foto, lydopptak

Her må vi skilje mellom originalt kjeldemateriale: gamle foto, arkiv eller intervjuopptak. Anna materiale som rapportar, dokument knytt til oppbygging og drift vil vere del av biblioteket, eller driftsarkiv og er ikkje rekna som samlingar.

LHS har kulturhistoriske foto frå Lygra, noko originalt og kopiar, lydopptak (intervju Lygra), både originalt og kopiar, kopiar av dokumentasjonsmateriale og restaurering, i tillegg til materiale frå oppbygging og drift. Ein stor del av dokumentasjonsmateriale frå Lygra, inkludert Lindåsprosjektet, ligg på Institutt for Biovitenskap ved UiB og hos Vestland fylkeskommune. Avdelinga treng å få oversikt over dette materialet.

Immateriell kulturarv

Filmen “Kunsten å brenne lyng” er ein viktig del av den immaterielle kulturarven for å opprett halda dette landskapet. Det same er samspelet mellom menneska som driv skjøtsel og den Gamal norske sauene, som er spesialtilpassa eit slikt landskap gjennom mange tusen år. Den immaterielle kulturarven er metode for å forvalte dei levande samlingane ved LHS, og tilsette må ha kunnskap i tradisjonelle skjøtelsesmetodar.

I kulturlandskapet og lyngheiene produserte og hausta ein mat, energi (torv), trevirke og fiber (ull, lin) til tekstilar. LHS har fokus på lokale konserveringsmetodar for kjøtt og fisk, mattradisjonar og foredling av ull, og bruk av torv, lokal byggjeskikk og sjøbruk gjennom å dokumentere tradisjonar, og aktiv formidling i matstova og undervisningstilbodet. Dette omfattar mellom anna fising av sild for å ivareta tradisjonane knytt til fjorden.

Bibliotek

LHS har samla faglitteratur og relevante rapportar med meir. Det er ikkje utarbeidd oversikter over dette materialet.

Utfordringar

Sjå Kap 2.3. Levande samlingar og 2.4. Immateriell kulturarv. Det er gjort forskingsarbeid på og i lyngheilandskapet på Lygra, og det vil ligge mykje dokumentasjon, rapportar og forskingsarbeida om samlingane til dømes hjå UiB, Bergen museum og andre forskingsinstitusjonar. Det er viktig for LHS å ha tilgang til denne kunnskapen, og det vil vere ei viktig oppgåve å lage ei oversikt over kva som finst av dokumentasjon og forskning og gjere dette tilgjengeleg. Det vil også vere viktig å dokumentere senteret si historie gjennom intervju av fagpersonane som tok initiativ til LHS, og var med under oppbygginga.

Innsamlings- og dokumentasjonsstrategi

Lynghesenteret sine samlingar er kulturlandskapet og lyngheiene på Ytre Lygra, og husdyra som tradisjonelt var ein del av drifta. Lynghesenteret har som mål å verne og formidle dette gjennom ei aktiv drift tufta på tradisjonell kunnskap. Fokus er både den materielle og immaterielle kunnskapen knytt til drift og bruk av landskapet. Drifta skjer i nært samarbeid med grunneigarane på Ytre Lygra.

Forskning og dokumentasjon: Gjennom forskning og dokumentasjon i samarbeid med Universitet i Bergen (UiB), NIBIO mfl. samlar ein inn data og kunnskap om det biologiske mangfaldet og det kulturbiologiske systemet knytt til lyngheiene og husdyra i dette landskapet. Målet er å få meir kunnskap om den tradisjonelle driftsmetoden, men også samle kunnskap om kor robust det tradisjonelle driftssystemet er i forhold til klima, miljøendringar og attgroing, og sjå korleis dette kan bidra til eit framtidig meir berekraftig landbruk.

Dokumentasjon av lyngbrenningsfelt og brannkart har vi tilbake til 1992. Det er UiB som har utført dette arbeidet. No er vi gang med å skaffe oss kompetanse på dette sjølv angående brannkart og dokumentasjon av brenninga. Med denne kunnskapen og bruk av GPS, kart, foto mm. kan vi også dokumentere betre eige arbeid i samlingane og følgje med endringar i landskapet over tid.

Skjøtelsesplanen for lyngheiene skal reviderast, og avdelinga skal lage ein skjøtelsesplan for Magnusgarden med innmark og kulturbeite.

Gjenstandstandssamlingar: Avdelinga har ikkje fokus på innsamling av kulturhistorisk gjenstandsmateriale til ei eiga samling. Det kan likevel vere aktuelt å ta imot gjenstandar som inngår i ein formidlingsplan. Det bør utformast rutinar for mottak og handsaming av desse.

Lynghesenteret vil prioritere arbeid med lokalt fotomateriale frå Lygra. Det finst fleire interessante fotosamlingar i privat eige. Oppgåver i planperioden vil vere å kartleggje materialet, gjere avtalar med eigarane og digitalisere og registrere materialet.

Det er også eit mål at LHS skal dokumentere senteret si eiga historie, og den faglege og driftshistoriske kunnskapen grunnleggjarane sit med.



2.7. Osterøy museum

Samlingshistorikk

Gjerstad fornminnelag vart skipa i 1920 med formål å samla inn «*gjenstandar som var i ferd med å forsvinne i bygda, gjenstandar som hørde den gamle tida til, og som måtte bevarast for ettertida*» (Binningsbø 1964). I den første tida vart samlingane lagra på Seljerinden skule, og heime hos dei frivillige i laget. I 1930 vart laget første hus, Solbjørstova, flytta til Gjerstad og brukt til utstillingsrom for laget samlingar. Med åra utvikla tunet på Gjerstad seg til eit bygdemuseum med bygningar og gjenstandar. Museumstunet fortel om byggeskikken på strilelandet, med røykstover og lemstover, loft, eldhus mura i stein og grindbygd løe med brakeledning.¹⁰

Osterøy museum har ei stor samling av kulturhistoriske gjenstandar, arkiv, foto og dokumentasjonsmateriale av ulikt slag som syner liv og virke på Osterøy og dei omkringliggjande

¹⁰ For meir museums- og samlingshistorikk, sjå boka *Osterøy museum 100 år*.

M U H O

bygdene. Det har vore fokusert på det kvardagslege, men det «staselege» er også representert. I vedtektene til eigarstyret står det:

Museet har til føremål å samla inn, dokumentera og ta vare på kulturhistorisk kjeldemateriale frå Osterøy og bygdene kring, i tråd med fylkeskommunale planar og MUHO sine prioriteringar.

Samlingane til Osterøy museum er forma, dels av vedtektene, men også av museets historikk og av kulturhistorisk særpreg i regionen. Over tid har museet utvikla kompetanse og store samlingar knytt til handverk og småindustri på Osterøy. Det har dei siste åra også vore fokusert på immateriell kulturarv, som er ein føresetnad for å bevare og vidareutvikle kunnskapen om, og kjeldeverdien til dei fysiske samlingane på museet.

Samlinga i tal

Type	Totalt	Registrert	Digitalisert	Publisert	Bruttoareal
Kulturhistoriske gjenstandar	16967	13606	3545	3748	
Fotografi	15684	5407	2788	2162	
Lyd/film	Ukjent	-	-	-	
Arkiv (hm)	588	69	69	69	
Kulturhistoriske bygningar	18	15	15	0	840
Farkostar	5	4	4	4	
Kulturlandskap					
Teknisk industrielle anlegg					
	Tal sauar	Tal kyr	Driftsområde		
Levande samlingar					

Gjenstandar

Talet på gjenstandar i samlingane er berekna til 16 967, men er truleg ein del høgare. Av desse er 13 606 registrerte i Primus, og av dei er i underkant av 4000 gjort tilgjengelege for publikum med digital representasjon gjennom DigitaltMuseum. Samlingane er dominert av husgeråd, tekstilar, gjenstandar knytt til, landbruk, mat, handverk og småindustri. Størstedelen av gjenstands-samlingane ved museet stammar frå tida før andre verdskrigen, medan arkiv og fotosamlingane i større grad stammar frå etterkrigstida.



Bringeduk i samlinga til Osterøy museum.

Museet har også ei stor boksamling med titlar innanfor ulike tema som; tekstilhandverk, trearbeid, garving og landbruk.

M U H O

Arkiv kom for alvor med i samlingsarbeidet i 1980-åra. Magasin og arkiv i den nyoppsette kjellaren i Revheimstova opna opp for dette. Osterøy kommune investerte i depot for eldre kommunearkiv, og då kunne ein òg ta inn privatarkiv. I dag har Osterøy museum to arkivrom i bruk med ein kapasitet på om lag 700 hyllemeter. Arkivromma er godkjent for offentlege arkiv og har sløkkeanlegg med gass.

I 2019 vedtok Osterøy kommune å flytte sitt saksarkiv og arkiva etter dei gamle kommunane Haus, Hosanger og Hamre. Osterøy museum har derfor ikkje lenger offentlege arkiv i samlingane.

Når det gjeld privatarkiv, opptek dei 175 enkeltarkiva 586 hm. Av desse er 366 hm ordna. 69 privatarkiv er registrerte i ASTA, og tilgjengeleggjort gjennom Arkivportalen. Dei private arkiva er bedriftsarkiv, arkiv frå lag og organisasjonar, gardsarkiv og arkiv etter einskilde personar. Blant bedriftsarkiva er garveria, meieria og møbelfabrikkane godt representerte, og ungdomslaga og Osterøy idrottslag er blant dei største lagsarkiva.

Foto

Osterøy museum har ei stor fotosamling. Det har vore ein viktig del av heilskapleg dokumentasjon og eit prioritert arbeidsfelt, med innsamling, bevaring, dokumentasjon og tilgjengeleggjering. Totalt inneheld samlingane ved Osterøy museum i underkant av 17 000 bilete i ulike fysiske format. Samlinga inneheld glasplater og fleire typar negativar og positivkopiar. Museet har også ein liten del digitalt skapte fotosamlingar som totalt utgjer om lag 2 000 bilete.

Talet på arkivfoto som er registrert i Primus er 5407, men berre 2162 finst på Digitalt Museum. Det vil seie at her er eit stort etterslep. Delar av arkivfotosamlinga er ikkje mogleg å søke i, og er difor vanskeleg tilgjengeleg.

Dokumentasjon/kjeldeproduksjon

I tillegg til fotosamlingane som er skapt av andre, og samla inn opp gjennom åra, har Osterøy museum ein stor samling av eigenprodusert dokumentasjon og kjeldemateriale i form av foto, film, lydopptak og tekst. I samlingane er det ikkje alltid differensiert mellom kva som er dokumentasjon av eigen aktivitet og kva som er dokumentasjon av andre aktørar, men digital representasjon av fysiske samlingar er skilt ut. Den sistnemnte delen av samlingane tel i dag ca. 6 000 digitale foto, medan dokumentasjonsfoto-samlinga teller nærmare 50 000 digitale foto. Det finst også eit dokumentasjonsarkiv frå åra 1988 til 2005, som består av nokre tusen analoge foto i form av 35mm negativ og dias.

Osterøy museum har også ein del dokumentasjon i form av lydopptak og film. Det finst dessverre ingen lister for dette materialet, men det vert arbeidd med å lage betre oversikter.

Dokumentasjon av andre sin kunnskap og forteljingar omfattar mellom anna kartlegging av handverk og industri på Osterøy i 1992 (OMHI), prosjektet «Lag og organisasjonar på Osterøy» (OMLO), som var ei kartlegging av frivillig organisasjonsliv, og «Kvardagsspor i landskapet» (2008–2010). Sistnemnte var eit tverrfagleg prosjekt som tok sikte på å dokumentere kulturminne i landskapet, og knytte dei til lokal kunnskap og stadnamn. I tillegg til dei store prosjekta har Osterøy museum gjort mykje video- og fotodokumentasjon av lokal småindustri, som ved Treskoverkstaden i Hosanger, og dokumentasjon av pelsnæringa lokalt på ein revegard på Gjerstad

M U H O

– dette prosjektet har føregått i ein tiårs-periode. Det har opp gjennom åra også vore gjort ein del intervju på video og som lydopptak om ulike tema innanfor lokalhistoria.

Ein del av materialet er digitalt skapt, men mykje er lagra på format som VHS, DVD, CD, kassettar, diskettar, ZIP-drive og fleire andre.

Osterøy museum arbeider aktivt med den immateriell kulturarven¹¹ og ser dette som ein viktig del av museet sitt kjeldetilfang. Den skal først og fremst sjåast i samanheng med gjenstands- og bygningssamlingane for å styrke kjeldeverdien i dei fysiske samlingane, og knyttast til regionale særpreg og levande tradisjonar i regionen, men er også knytt til museet sitt innsatsområde innanfor handverk og småindustri.

Bygningar og anlegg

Osterøy museum har ansvar for 13 kulturhistoriske bygningar på Osterøy (ein på lager og ein under oppføring kjem i tillegg). Dei fleste bygningane står i tunet på Gjerstad, medan seks bygningar står på si opphavlege plassering andre stader på Osterøy. Dei fleste bygningane er knytt til gards- og bygdeliv frå 1500-talet og fram til midten av 1900-talet, småindustrien er også representert gjennom to garveribygge og to smier. I tillegg har museet ansvar for drifta av Treskoverkstaden i Hosanger etter avtale med eigaren.

Utfordringar

Museet sine samlingar er viktige kjelder til kunnskap om historie og levesett i regionen. Men kjeldeverdien i gjenstandane våre er gitt av den informasjonen museet har om gjenstandsmaterialet. Det er ei utfordring at mykje av gjenstandsmaterialet har få opplysningar. Mykje er samla inn av folk som har hatt ei sjølvsgatt forståing for materialet dei tok vare på, og ikkje sett det som naudsynt å skrive ned det sjølvsgatte. Denne kunnskapen er i dag i ferd med å bli borte, både hjå museumstilsette og publikum, fordi gjenstandsmaterialet ikkje tilhøyrar vårt arbeidsliv eller kvardag.

Fokuset på innsamling har endra seg gjennom tidene, og gått frå ei aktiv innsamling mot ei meir passiv retning frå 1970 talet og framover. Dette har igjen ført til ei rekkje utfordringar for samlingsutviklinga. For det første har det ikkje vore eit tilstrekkeleg samsvar mellom museet sitt innsatsområde og innsamlingspraksis, for det andre har det ført til store utfordringar knytt til plassproblem og oversikt i samlingane, og for det tredje har mengda av gjenstandar som har kome inn ført til eit etterslep i registreringar og digitalisering av samlingane.

Det er også ei stor utfordring å sikre gode fysiske forhold for registrering- og digitaliseringsarbeidet. Det finst ikkje eigna plass for å jobbe godt med gjenstandane, eller stader som eignar seg til effektiv fotografering, og mykje tid går med til å ordne mellombelsløyisingar i registrering og digitaliseringsarbeidet. Dette gjer at arbeidet ofte ikkje vert prioritert i kvardagen. Den digitale

¹¹ sjå kap 2.4. Immateriell kulturarv.

infrastrukturen gjer også dette arbeidet vanskligare. Det er ikkje tilstrekkeleg nettdekning i delar av museumsbygget der arbeidet med samlingane vert gjort.

Det er knytt store utfordringar til delar av dokumentasjonsmaterialet ved museet. Dette gjeld vår eigen dokumentasjon, men aller helst materiale vi har motteke frå andre. Særleg dokumentasjon lagra på kassetar, diskettar, CD og DVD er i ferd med å gå tapt, då filformata blir uleselege og dei fysiske media er forgjengelege og tapar seg over tid. Vi har per i dag heller ikkje tilstrekkeleg oversikt over materialet, eller ein plan for å sikre materialet for framtida.

Innanfor dei immaterielle «samlingane» (bygningshandverk, tekstilhandverk og småindustri) er den største utfordringa i dag å sikre kontinuitet og overføring av kunnskap. Kunnskapen innanfor desse felta er kopla til særskildt få personar, og ved endringar i personale eller stillingar vil mykje kunnskap potensielt kunne forsvinne.

Innsamling- og dokumentasjonsstrategi

Innsamling ved Osterøy museum skjer i grove trekk på to måtar. Den eine er *passiv innsamling* gjennom dei gåvene som kjem til museet utan at museet har spelt ein aktiv rolle. Den passive innsamlinga utgjer framleis ein vesentleg del av nye tilvekstar, men tilboda vert vurdert kritisk opp mot museet sin innsamlingsstrategi og målsettingar. Alle tilbod om gåver til museet skal vurderast av ein inntakskomiteé, og inntak til samlingane skal skje i samsvar med innsamling- og dokumentasjonsplanen.

Den *aktive innsamlinga* er karakterisert av at museet går målretta til verks for å skaffe til veie gjenstandar, arkiv, foto eller anna dokumentasjon frå eit prioritert område. Det er ynskjeleg at samlingane i større grad vert utvikla gjennom aktiv tilnærming. Dette føreset god oversikt og god kjennskap til eksisterande samlingar. Ein aktiv innsamlingsstrategi opnar i større grad for meir heilskapleg og tematisk retta innsamling. Kva tema som til ein kvar tid skal vere prioritert vil bli definert i årlege tiltaksplanar for innsamling og må sjåast i samanheng med formidling og ev. forskingsprosjekt.

Samlingsfelt

Innanfor handverksfeltet er det særleg tekstilhandverk og trehandverk som skal stå i fokus. På tekstilfeltet står oppstadveven sentralt, og alt av gjenstandsmateriale knytt til den skal vurderast for inntak i samlingane. Også gjenstandar knytt til andre tekstilteknikkar bør vurderast opp mot handlingsplanen. Av nyare tids tekstilar vil det bli vurdert inntak for å supplere eksisterande samlingar, elles er det berre heimesydde plagg, og plagg til referansesamlingar som vil bli vurdert.

Innan trehandverk er det særleg gjenstandar knytt til bygningshandverk som vert prioritert, men også produkt og reiskap knytt til andre trehandverk skal vurderast innlemma i samlingane. Gjenstandar knytt til småindustrien på Osterøy bør ha ein høg prioritet, då dette er eit felt som er underrepresentert i samlingane i dag. Verktøy og produkt frå småindustrien kan vere aktuelle kategoriar, men pr. i dag har muséet liten plass til å ta imot maskinar og større gjenstandar. Der det er mogleg kan dokumentasjon gjennom foto og video vere eit alternativ.

Gjenstandar som har «høg kulturhistorisk verdi» bør vurderast for inntak i samlingane uavhengig av om dei er direkte knytte til museet sitt fokusområde. Stor kulturhistorisk verdi kan for eksempel vere gjenstandar med ei tilknytning til kjende personar, stader eller hendingar på Osterøy. Begrepet

M U H O

«høg kulturhistorisk verdi» skal famne breitt for å gi rom for samlingar ein ikkje hadde forventa å få inn, det er derfor viktig at inntak knytt til denne kategorien blir kritisk vurdert av inntakskomiteén. Arkivmateriale er eit område der Osterøy museum framleis har god kapasitet til å ta imot nye tilvekstar. Eit viktig satsingsområde vil vere arkiv etter småindustri i regionen, men ein vil ta inn alle relevante privatarkiv.

Ein skal halde fram med å supplere eksisterande fotosamlingar. Det bør særleg fokuserast på å samle inn foto som er knytt til museet sine ansvarsfelt; handverk og småindustri. Fotografi av arbeidsprosessar, verktøybruk, og bilete som syner teknikkar og ferdige produkt er sjeldne i samfunnet generelt, men også i Osterøy museums eksisterande samlingar. Bilete av landskap i endring er også eit aktuelt tema.

Det vil bli jobba med å lage ein referansesamling for tekstile materialar og teknikkar. Dette er eit viktig tiltak i formidlingssamanheng, og i arbeidet med dei tekstile samlingane i musea. Det vil verte gjort gjennom prioritering i eigne samlingar og aktiv innsamling. Bygningane i museumstunet er ein viktig del av Osterøy museum sine samlingar, men det er likevel ikkje noko mål å ta inn fleire bygningar til museumstunet.

Vidareføring og sikring av kunnskap i eit handverk, (ikkje berre dokumentere og vite om) er ei tilnærming til den immaterielle kulturarven som Osterøy museum har lagt vekt på dei siste åra. Det vil vere viktig å halde fram med å utvikle denne kunnskapen både på tekstilfeltet, bygningsarbeid og innan småindustri og handverk. Dokumentasjon av eksterne handverksaktørar, kulturminne og småindustri vil bli vidareført og prioritert også i framtida.

Det er eit overordna mål å planlegge innsamling ut frå temaområde, ikkje samlingskategori. Då kan vi vurdere kva tema som er viktige for vår region og kva kjelder som gir best informasjon om dei ulike felta, og på tvers av ulike kjeldekategori. Det er også i større grad mogeleg å sjå museet sine samlingar i forhold til kjelder som vert tekne vare på av andre aktørar, og på den måten bidra til å skape eit meir dekkande bilde av fortid og samtid for framtida. I tida framover vil Osterøy museum sine innsatsområde vere kopla til handverk, småindustri og lokalhistorie. Ei viktig målsetting vil vere å kople den immaterielle kulturarven til gjenstandssamlingane for å auke kjeldeverdien til dei eksisterande samlingane. Det immaterielle kulturfeltet må dokumenterast og/eller fornyast gjennom eiga kunnskapsbygging. Innsamling, sikring og vidareføring vil her hengje uløyseleg saman i ein heilskap. Vi har likevel valt å ta med strategiar for sikring av den immaterielle kulturarven i innsamlingsstrategien fordi vi ynskjer å styrke kjeldeverdien i samlingane våre gjennom aktiv kopling mellom kunnskapsarv og gjenstandssamlingar. Ein tematisk retta, aktiv innsamlingsstrategi vil bidra til å avgrense relevante fokusområde i dette arbeidet.



Interiøret frå apoteket i Ytre Arna er ei av utstillingane ein kan sjå i Ådnatun.

2.7.1. Ådnatun

Samlingshistorikk

Ådnatun museum i Indre Arna vart grunnlagd i 1933 av Lars Ådna. Han var aktiv i dei lokale historie- og mållaga, og målet var at Ådnatun skulle vere ein samlingsplass for fornminne i dei næraste sokna. Dei fleste av bygningane er reiste av Lars sjølv, eit av husa er nytta som bustad, og Lars budde sjølv her med kona Kari til han døydde i 1971. Lars og Kari testamenterte eigedomen til Arna Sogelag. I 2011 vart det oppretta ein samarbeidsavtale om drift med MUHO.

Store delar av samlingane er stilt ut i utstillingssalen, skulestova, apoteket og skomakarverkstaden, og syner ein stor breidde av bruksgjenstandar frå nærliggjande jordbruksbygder, så vel som eksemplar frå industrien, næring og livet i Arna.

Dei fleste av gjenstandane er frå før andre verdskrig, som arbeidsreiskapar og innbu. Det er òg ei tekstilsamling av brukstekstilar frå Ådnatun, denne inneheld både klede og broderi.

Det er også lagra gjenstandar i mindre eigna lokale i museumstunet. Det er behov for å gå gjennom dette materialet for prioritering og eventuelt sikre betre oppbevaring. Nokre tekstilar er oppbevarte i magasin ved Osterøy museum, elles er vurderinga at dei utstilte gjenstandane har ei tilfredsstillande oppbevaring ut frå verneverdien. Samlingane i Ådnatun er avslutta og det skal ikkje gjerast vidare innsamling eller dokumentasjon her. Sogelaget eig også arkiv og fotosamlingar som ikkje inngår i forvaltningsavtala med museet.

Samlinga i tal

Type	Totalt	Registrert	Digitalisert	Publisert	Bruttoareal
Kulturhistoriske gjenstandar	1300 (estimert)	1112	1112	891	
Kulturhistoriske bygningar	4				412



Foto: Trond Isaksen for Riksantikvaren.

2.8. Tekstilindustrimuseet

Samlingshistorikk

Tekstilindustrimuseet (2001–) forvaltar Salhus Tricotagefabrik (1859–1989) i Salhus i Bergen kommune. Det freda fabrikkannlegget er eit nasjonalt industriminne, og museet har ei stor maskinsamling til produksjon av garn og strikka tekstilar, og ei tekstilsamling med vekt på norskprodusert trikotasje.


I 1987 peika Fylkeskonservatoren i Hordaland ut Salhus Tricotagefabrik som det best bevarte og intakte av dei eldste anlegga frå trikotasjeindustrien i Hordaland, og eit aktuelt verneobjekt. Året etter vert den eldste delen av fabrikkannlegget kjøpt inn¹². Tanken var at museet i den eldste delen av bygget skulle samarbeide med produksjonsverksemda i den nye delen, men det kravde for store investeringar, og fabrikkannlegget vart nedlagd i 1989. Stiftinga Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter vart oppretta i 1992, og dei første åra er målet både å kunne ivareta Salhus Tricotagefabrik som eit

¹² med støtte frå Riksantikvaren og Norsk kulturråd, som gjev støtte til restaurering saman med Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Større delar av fabrikkannlegget vert overteke utover 1990-talet. Etter at museet vart ein del av Museumssenteret i Hordaland i 2004, har delar av bygningane knytt til fabrikkannlegget fått nye bruksområde: konserveringsatelier for Bevaringstenestene i den nyare delen av fabrikkbygget, og administrasjon for MUHO i disponentbustaden «Kveldheim».

M U H O

autentisk industriminne, vise teknologisk utvikling innan trikotasjeindustrien gjennom utstillingar, og opprette eit tekstilt ressurscenter med koplingar til bransjen. Etter fabrikkens vert ein del av Riksantikvarens verneprogram for tekniske og industrielle kulturminne i 1997 vert det lagt mest vekt på det første, og det blir gjort eit omfattande restaureringsarbeid før museet offisielt opnar dørene for publikum i 2001. I 2020 vert fabrikkannlegget freda¹³ og museet skiftar namn til Tekstilindustrimuseet.

Mykje av den tidlege innsamlinga vert styrt av redningstanken, og er eit resultat av at museet får tilbod om å overta maskiner i samband med nedlegging og utflytting i bransjen på 1990-talet. Nedskjeringane i denne perioden er difor det som har hatt størst påverknad på samlinga. Tidlegare leiging og styre ved museet har bidrege til fokus på innsamling av lokalhistorisk materiale i dei tidlege åra, inkludert samferdsle og båttransport (som har vore viktig for industrien i Salhus) og av tekstil generelt, som arkiv og tekstilar frå den Oslo-baserte broderibedrifta Gunnar Pedersen AS.



Stoffprøver frå Salhus Tricotagefabrikk og Tangens Gardinfabrikk i samlinga til Tekstilindustrimuseet.

Samlinga er framfor alt viktig på grunn av Salhus Tricotagefabrikk, som eit representativt og autentisk industriminne frå siste halvdel av 1800-talet og ut på 1900-talet. Saman med arkivmateriale, maskiner, tekstilar, foto og intervju er anlegget eit døme på utviklinga i norsk tekstilindustri i denne perioden. Samlinga kan sjåast i ein lokal, regional og nasjonal kontekst, og innsamlinga ved museet har hatt fokus på dei to siste. Samlinga har først og fremst historisk, og kunnskaps- og forskingsverdi, og sjølve fabrikkannlegget har stor opplevingsverdi. Samlinga bidreg til å forstå overgangen frå bondesamfunn til industrisamfunn i Noreg, og rolla tekstilindustrien har spelt i dette, i tillegg til arbeidsprosessar og arbeidsforhold i tekstilindustrien før og no, og utviklinga av Salhus og andre einsidige industristader. Stoffprøvebøker, reklamefoto og materiell kan fortelje noko om motar innan kvardags- og undertøy på 1900-talet.

Dei viktigaste gjenstandstypene er tekstilmaskiner (trikotasje), fabrikkproduserte klede, vareprøver, reklame, foto og andre typar dokumentasjon (film, foto, intervju) av tekstilindustrien i Bergensområdet. Museet har hatt hovudfokus på trikotasje og produksjonslinja ved fabrikkens, og

¹³ etter [kulturminneloven](#) paragraf 15 (Fredning av bygninger, anlegg m.v. fra nyere tid) og 19 (Fredning av område rundt et fredet kulturminne).

M U H O

tekstilindustri i Bergen og Hordaland, og har difor eit klart tematisk fokus som kan danne grunnlag for ei spissa innsamling.

Viktige tema er tekstilindustri: spesielt strikka tekstilar, produksjonsprosessar, teknologisk utvikling, arbeidshistorie og arbeidsliv i tekstilindustrien, industriarkitektur og sosiale forhold på ein industristad.¹⁴

Samlinga i tal

Type	Totalt	Registrert	Digitalisert	Publisert	Bruttoareal
Kulturhistoriske gjenstandar	19828	8224	7479	6668	
Fotografi	1485	1284	1284	622	
Lyd/film	Ca. 200	-	-	-	
Arkiv (hm)	150	150	-	150	
Kulturhistoriske bygningar	30	30	30	30	11 531
Farkostar	-				
Kulturlandskap	-				
Teknisk industrielle anlegg	1 ¹⁵	1	1	1	
	Tal sauar	Tal kyr	Driftsområde		
Levande samlingar	-	-	-		

Gjenstandar

Museet har rundt 600 tekstilmaskiner: mest strikke- og symaskiner, men også kardeverk, rue-, spinne-, spole- og ketlemaskiner, farge- og vaskemaskiner, sentrifuger og tørkeapparat, skjere- og pakkemaskiner. Mange av dei er frå 1900–1970 og har vore i bruk ved Salhus Tricotagefabrik. I tillegg kjem spesialverktøy, -utstyr og delelager til maskinene. Samlinga inneheld tekstilar frå Salhus Tricotagefabrik og andre norske tekstilfabrikkar: mest strikka plagg produserte i Hordaland og stoffprøver. Kleda er i hovudsak kvardagsplagg, gjerne ubrukte og i (plast)emballasje. Det er større samlingar frå Cebelle/Trengereid Fabrikker (bandveveri, Trengereid/Bergen), Tangens Gardinfabrikk (gardinveveri, Bergen) og Gunnar Pedersen AS (broderi, Oslo), mesteparten frå tida etter 1950. Museet har òg teke vare på ein del innbu og anna materiale frå hus i Salhus.

Museet har ei boksamling på ca. 5000 bind om tekstilindustri og -teknikk frå Deichmanske bibliotek og Norsk Tekoinstitutt, med monografiar og tekstiltekniske tidsskrift frå inn- og utland om emne som fiberlære, garnframstilling, farging, kjemi, maskinteknikk, bedriftsøkonomi, produksjonsstyring med meir. I tillegg kjem handbøker, brosjyrar, manualar og oppslagsverk, og ein del industrihistorisk litteratur og kulturhistorie. Bøkene blir registrerte i Alma biblioteksytstem.

¹⁴ For fleire detaljar, sjå prosjektet [Nasjonal innsamlings- og dokumentasjonsplan for tekstilindustri](#) (2017), der samlingane til TIM blir sett i samanheng med relaterte samlingar ved Sjølingstad Uldvarefabrik, Moss by- og industrimuseum, Norsk Teknisk Museum og Berger museum.

¹⁵ Inkludert i talet på kulturhistoriske bygningar.

Arkiv

Museet forvaltar arkivet etter Salhus Tricotagefabrik, og frå broderibedrifta Gunnar Pedersen AS (1915–86) – begge er ordna og deponerte hos Bergen byarkiv for betre oppbevaringsforhold.

Foto

Samlinga rommar ei mindre mengd historiske foto knytt til Salhus og tekstilindustri. Det er òg avfotografert ein del lokalhistoriske foto på analogt materiale.

Digitale filer/samlingar

- 462 GB digitale samlingar (museet sine egne dokumentasjonsprosjekt, sjå Dokumentasjon og kjeldeproduksjon).
- 176 GB digital dokumentasjon av egne samlingar: gjenstands- og byggfoto og digitaliserte analoge foto, og noko digitalisert film/lyd.
- Digitale filer er hovudsakleg lagra på ekstern fotoserver, og kopiar av desse på harddiskar, CD-ar og andre lagringsmedium.

Dokumentasjon og kjeldeproduksjon

Museet har skapt nye kjelder gjennom industridokumentasjonsprosjekt om tekstilindustri, mest foto-, lyd- og filmmateriale med fokus på arbeidsliv og produksjonsprosessar. Materialet er frå Salhus Tricotagefabrik og enkelte andre fabrikkar, som Dale Garn, Dale of Norway, Norlander Knitwear, Safa Samnanger og broderibedrifta Gunnar Pedersen A/S. Det finst òg ein del analogt fotomateriale som ikkje er ein del av eit større prosjekt.

Immateriell kulturarv

Maskinene og kunnskapen om drift av dei vert heldt ved like gjennom vedlikehald og demonstrasjonar, og ein avgrensa produksjon til museumsbutikken. Dette er ein sårbar kunnskap. (sjå [kap 2.4.](#))

Bygningar og anlegg

Industriminnet som heilskap er det viktigaste «objektet» i samlinga, og grunnlaget for museet: eit konsentrert og heilskapleg miljø med fleire samanhengande fabrikkbygg langs sjøen i Salhus, to arbeidarbustader (1860) og skulehus (1878) bak, ein lærarbustad (1864), saman med disponentbustaden Kveldheim (1866). Dette er teke vare på for å vise ein trikotasje fabrikk med maskiner, arbeids- og sosiale forhold, og miljøet rundt fabrikkane i eit kompakt industrisamfunn. Originalt interiør finn ein hovudsakleg i sjølve produksjonslokala, då dei andre bygningane har vore, og er delvis i bruk til utleige som bustad eller kontor¹⁶. Produksjonslokala er bygd på i ulike tidsperiodar, frå seint 1800-tal til 1953, og i ulike materiale, frå enklare bygg i tre, til utmura bindingsverk, og meir føremålstilpassa fabrikkbygg i betong etter 1910. Desse heng ofte saman, men er rekna som egne bygg med namn etter byggjearret. Fredingsvedtaket frå Riksantikvaren i 2020 omfattar bygningsmassen til fabrikk og tilhøyrande sosiale funksjonar som badeplass, leikeplass, skulehus og arbeid- og disponentbustader, i tillegg til uteområdet i området med steinsett hage,

¹⁶ I dag gjeld dette Kveldheim (administrasjonsbygg for MUHO), Skåldalshuset og lærarbustaden (utleige som bustad).

stiar, murar, gjerde og rekkverk. Dei delane av fabrikkjen med mest originalt interiør og maskinpark er interiørfreda.¹⁷

Tilstand og miljø

Museet har fått støtte til forvaltning og vedlikehald av bygningsmassen frå Riksantikvaren¹⁸, med mål om å få alle bygg opp på eit overordna TG2 i tilstand innan 2020 (to av dei har etter dette fått redusert tilstandsgrad grunna nylege avdekkte forhold, men ein arbeider med å utbetre desse). Museet har eit tekstilmagasin med tilfredsstillande oppbevaringsforhold for tekstilar og nokre mindre gjenstandar. Mykje av denne typen materiale er også sendt til fellesmagasinet i Hordaland grunna manglande eigna oppbevaringsplass. Resten av museet sine samlingar er oppbevarte under varierende tilhøve i fabrikklokala, som er historiske tre/betongbygg plassert ved sjøen, i tillegg til eit eksternt lagerlokale. Fleire delar av fabrikklokala er dårleg eigna til oppbevaring av museumsgjenstandar, grunna utette bygningar og variasjon i inneklime, flaumfare og mykje lys gjennom store vindauge på sida av bygget mot sjøen. Det er mykje metall i samlingane, og korrosjon er ei utfordring i område med høg luftfuktigheit. Fabrikklokala har møllangrep som er vanskelege å unngå, men ut frå kontrollar dei siste åra har omfanget vore handterbart. Demonstrasjonsbruk av maskinene i fabrikklokala fører til slitasje, òg til at ein held maskinene og kunnskapen om dei ved like. Dette er ein konstant balansegang.

Utfordringar

I 2021 vart det avdekkte asbest i mange rom i fabrikkjenlegget, dette har ført til endå større mangel på lagringsplass, og at enkelte rom med gjenstandar i praksis er utilgjengelege før sanering er gjennomført. Asbeststøv i delar av lokala kan gjere det vanskeleg å ta vare på noko av materialet som står der av økonomiske og helsemessige årsaker, og gjer utfordringane med eigna oppbevaringsforhold endå meir prekære. Det vil vere vanskeleg å betre oppbevaringsforholda for gjenstandar og gjennomføre tiltak for å sikre bygningsmassen før ein får gjort noko med dette. Saneringsarbeidet vil difor stå sentralt i den kommande planperioden.

Sidan 2010 har museet arbeidd med å få betre oversikt over gjenstandsmaterialet, katalogisere museet si boksamling, registrere og forvalte bygningssamlinga og maskinparken, og digitalisere foto. Det er arbeidd med å dokumentere og gjere tilgjengeleg det vi ser på som noko av det viktigaste materialet: tekstilar/prøver, tekstilmaskiner og foto. Mykje arbeid er gjort med broderisamlinga frå Gunnar Pedersen AS, i stor grad med midlar frå givar. Samlinga etter Salhus Tricotagefabrik og Gunnar Pedersen A/S har god proveniens, medan resten av samlinga til museet er meir varierende dokumentert og inneheld nokså like gjenstandar. Enkeltgjenstandar har gjerne lite tilhøyrande dokumentasjon, og arbeidet ligg difor ikkje berre i mengdefokusert katalogisering, men òg i å utføre grundigare dokumentasjon enkelte stader, for å få fram meir verdifull informasjon. Noko arbeid på dette området er gjort i samband med bokprosjektet *Ruter og lus*

¹⁷ Riksantikvaren 2020, ref. 20/01225-7: «Salhus Tricotagefabrik AS – Til politisk behandling Bergen kommune - fredning etter kml §§15 og 19 – på Gnr/Bnr 177/7, 177/126, 177/306, 177/337, 177/349, 177/351, 177/353, 177/355 i Bergen kommune, Vestland fylke».

¹⁸ Vestland fylkeskommune frå 2021.

(2018) og broderiutstillinga *Klostersaum til folket* (2016). Bygningsmassen er i forholdsvis god stand, men det er stadig mykje arbeid med vedlikehald av maskiner, ivaretaking av denne kunnskapen, prioritering i og dokumentasjon av samlingane. Museet har ikkje mykje eigna magasinlokale, og prioriterer elles å levere mindre gjenstandar til fellesmagasinet i Vestland.

Innsamlings- og dokumentasjonsstrategi

1. Tekstilindustrien i Hordaland/Vestland

Etter det TIM kjenner til, er det lite aktiv innsamling frå norsk tekstilindustri i dag, i takt med den generelle nedgangen i bransjen mot slutten av 1900-talet.¹ Avdelinga bør difor prioritere ei selektiv, men meir aktiv innsamling som supplerer eiga og andre sine samlingar, i tillegg til å arbeide med allereie innsamla materiale. TIM ynskjer betre dokumentasjon av aktive bedrifter i Bergen/Hordaland. Med si plassering i tidlegare Salhus Tricotagefabrik, skal TIM òg kunne dokumentere og samle inn materiale knytt til fabrikk og (i mindre grad) lokalsamfunnet rundt den i Salhus, som fortel noko om tema som arbeid, fritid, heim, organisasjonsliv og kultur, men hovudfokuset i innsamlinga i perioden vil vere på tekstilindustri. Alle inntak av fysisk materiale skal sjåast i forhold til tilgjengelege ressursar innan magasinering, dokumentasjon og sikring, og ein bør alltid vurdere om dette er den beste måten å dokumentere på.

2. Tekstilmaskiner

Museet har mange tekstilmaskiner frå bedrifter i Hordaland, og nokre frå privatpersonar. Flatstrikkemaskiner og symaskiner til privat bruk er gjenstandskategoriar som museet (og andre norske museum) har mange av frå før. Då maskiner generelt er store og plasskrevjande gjenstandar, bør nye tilskot til samlinga vurderast nøye, og a) vere knytt til tekstilindustri, og b) representere eit verdifullt tilskot til den eksisterande samlinga.

3. Industridokumentasjon

TIM arbeider med å styrke det regionale/nasjonale perspektivet ved avdelinga ved å delta i relevante nettverk og prosjekt om industrihistoria i Bergen, og i Vestland generelt. Museet samlar som hovudregel ikkje inn fysisk materiale innan dette breiare temaet, men andre former for dokumentasjon er aktuelt. TIM ynskjer å ha ein sterk fagleg posisjon innan industriminne i Vestland fylke, og bli meir synleg i diskusjonar om industriminne, transformasjon og byutvikling i Bergen. Dette har innverknad på arbeid innan både forskning, formidling og dokumentasjon.

4. Fagbibliotek om tekstilindustri

TIM vil arbeide vidare med katalogisering av fagbiblioteket for tekstilindustri, med fokus på:

- bøker som kjelder, som kan dokumentere maskineri og utstyr ved fabrikkannlegget
- trykksaker og litteratur om norsk tekstilindustri spesielt, og tekstilindustrien generelt
- litteratur om industrihistorie, spesielt 1. generasjons industri stader og industrisamfunn på Vestlandet / i Hordaland.

Det kan bli aktuelt å ta imot fleire bøker i perioden.



2.9. Vestnorsk utvandringssenter

Samlingshistorikk

Vestnorsk utvandringssenter (VUS) ligg på Sletta på Radøy, i Alver kommune. Samlingane er eigd av stiftinga Vestnorsk utvandringssenter. Hovudarbeidsområdet til VUS er migrasjon- og kulturmøteproblematikk i fortid og notid. Vestnorsk utvandringssenter har seks emigranthistoriske hus, derav ei kyrkje, som alle vart bygde opp av norske emigrantar i Amerika og seinare demonterte og flytta til Sletta i tidsrommet 1996–2000. Senteret har også ei lita samling emigranthistoriske gjenstandar, eit utvandrararkiv og eit lite bibliotek.

Det vart i 2010 gjort ei tilstandsvurdering av bygningane, og same året laga Bevaringstenestene ein statusrapport for gjenstandssamlinga. Tilvektføring av gjenstandane starta i november 2011. I 2023 har avdelinga fått langt større oversikt over samlinga som var overlate til museet i samband med konsolideringa, og det er gjennomført eit RE-ORG-prosjekt saman med Bevaringstenestene.

Utvandringssenteret har ikkje eige magasin på Sletta, og dokument, bilete og gjenstandsmaterialet som ikkje er del av utstilling, er plassert i eit eige mellombels lager på Kveldheim i Salhus. Boksamlinga er flytta til biblioteket i Emigranten, dublettar utelatne. Nokre av bøkene har innskrift, alder og tilstand som gjer at dei er tatt til sides og skal registrerast ytterlegare.

Samlingane inneheld materiale knytt til utvandring frå Norge til Amerika (USA og Canada), noko om utvandring til andre delar av verda, 99th Infantry Battalion (Separate), den norskamerikanske bataljonen i US Army, Krigsseglarar, skip og sjømenn under krigen, norske emigrantar sin deltaking i krigsinnsats i verda, 1. og 2. verdskrig og dels den amerikanske borgarkrigen, Sjømannskyrkja og norskamerikansk materiale. Dei siste åra er det sett fokus på innsamling av intervjumateriale og munnlege kjelder om migrasjon, blant anna gjennom eit prosjekt i Mangfoldsnettverket (sjå dokumentasjon og kjeldeproduksjon).

Samlinga i tal

Type	Totalt	Registrert	Digitalisert	Publisert	Bruttoareal
Kulturhistoriske gjenstandar	580	90	90	90	
Fotografi	196	-	20-	-	
Lyd/film					
Arkiv (hm)					
Kulturhistoriske bygningar	6	6	6	-	424
Farkostar	-				
Teknisk industrielle anlegg	-				
Freda kulturmiljø	-				
	Tal sauar	Tal kyr	Driftsområde		
Levande samlingar	-	-	-		

Gjenstandar og bygningar

Samlingane til Utvandringssenteret består av bygningane med inventar. I tillegg er det nokre gjenstandar som ikkje er utstilt. Emigrantkyrkja har heilskapleg inventar med grei oversikt i tilvektst, sjølv om det er til tider mangelfull informasjon om mykje. Dette er tilvektstført, og er i stor grad originalmateriale. Noko av det originale inventaret som er kyrkjeleg, men ikkje i bruk, er registrert og flytta til fellesmagasinet. Det skal også dokumenterast gjenstandar som er originale, men i bruk i kyrkjeleg samanheng, og dermed skal blir verande i Emigrantkyrkja. Skulestova har heilskapleg inventar, som er tilvektstført, men ikkje registrert. Likevel har vi grei oversikt over dette.

Legekontoret har forenkla inventar som er greitt tilvektstført, men ikkje registrert, inventar består av ein safe og ein legekoffert med innhald. Dette er utstilt. Anna inventar er tilført, mellom anna frå fabrikk i Salhus.

Nybyggarstova har ikkje originalinventar, det var tomt. Inventaret er plassert der i form av store amerikakofferter på loftet, og to på hovudplan. Desse er tilvektstførte, men ikkje registrerte. I stova er det eit gjenskaft inventar som ikkje kan definerast som samling. Dette er gjenstandar som ikkje knytast til bygningane på Sletta. Desse er det til dels god oversikt over. Det er også avgrensa originalmateriale.

Lærarbustaden huser utstillinga *Minner frå ein krig*, som består av originalgjenstandar frå 99th Infantry Battalion (Separate). Dette er mellom anna uniformer, flagg og ski, og eit monter med diverse soldatutstyr. Her er det også ein heil vegg med kopiar av gamle foto. Samlinga er knytt til den 99. bataljon og John Pettersen. Denne utstillinga skal fasast ut og originalgjenstandane magasinert.

M U H O

Gjenstandar

Sons of Norway og Sjømannskyrkja var delaktige partar i etableringa av Vestnorsk utvandringssenter. Dei har framleis representantar i eigarstiftinga. Personar med tilknytning til desse organisasjonane har donert ein god del gjenstandar til Utvandringssenteret i perioden før konsolideringa med MUHO. Mange av desse gjenstandane er ikkje knytt til inventar eller bygningane på Sletta, og har difor fått plass i mellombels lager på Kveldheim.

Det er ein del tekstilar, prestekjolar med meir knytt til kyrkja med og lagt ut på DigitaltMuseum. Nokre kjolar og klede frå Amerika og uniformer frå 99. Bataljon er også lagra i mellombels lager i Salhus.



Amerikakoffert, Vestnorsk utvandringssenter.

Det er også kome eit del nyare tilvekst: presteutstyr og klede knytt til sjømannskyrkja. Desse er ikkje registrerte. I seinare tid har Sjømannskyrkja oppretta ei eiga samling. Dei har ytra ønskje om, og stilt spørsmål om gjenstandane som nyleg kom inn til Utvandringssenteret, heller høyrer heime hos dei, dette må vurderast.

Arkiv og foto

Arkivmaterialet er av høgst varierende kvalitet. I Lærarbustaden er to kartotek med oversikt over alle registrerte soldatar som tenestegjorde i 99. bataljon, med soldatnummer og tenestetidsrom. Eit anna kartotek knyter seg til alle rørsler bataljonen gjorde i løpet av krigen. Sett i samanheng kan ein då finne ut kvar den einskilde soldat har vore, og kva trefningar, hendingar og forflyttingar dei har tatt del i. Dette er truleg eit unikt materiale, som Jahn Sjursen har satt saman ut frå søk i ei mengd originalkjelder. Dette materialet har truleg høg verdi, men er ikkje registrert eller digitalisert. Det er heller ikkje søkbart anna enn fysisk i kartotekhorta.

Også i Emigranten, kafeen i kyrkjekjellaren som også rommar eit bibliotek, finst det arkivmateriale, dette vert kalla **Jahn Sjursen-samlinga**. Jahn Sjursen har utarbeida ei større samling handskrivne hefte og kartotekhort, der han har gått gjennom omfattande kjeldemateriale og samlingar knytt til tematisk og geografisk til utvandring. Mykje av dette materialet er berre tilgjengeleg på Sletta, og alle rettar til dette er overlatne til VUS. Vi kan nemne skipslister, passasjerlister, krigsseglarar, lister over krigsforliste, 99. bataljon, prestar og mykje anna. Dette materialet er henta frå varierte originalkjelder, men det er gjort eit stort arbeid med å setje det saman tematisk og geografisk. Problemet er at det er samla i handskrivne hefte, som berre er kopierte i få eksemplar. Dei er heller ikkje digitaliserte, og dermed ikkje tilgjengelege, anna enn fysisk i desse hefta og kartotekhorta.

M U H O

Krigsseglarregisteret har vist stor interesse for materialet knytt til krigsseglarane, 99. bataljon og krigsforlis. Dette burde vore digitalisert, gjerne i samarbeid med Stiftinga Arkivet og Krigsseglarregisteret.

Dei geografiske oversiktene og registera knytt til gardsnummer, matrikkel og husmannsplassar i kommunar i heile noverande Vestland fylke, er sett saman på måtar som Kartverket ikkje har. Desse listene ligg som fysiske matriseskrivne lister, der filane ikkje lenger er tilgjengelege. Denne type oversikter er berre tilgjengeleg på VUS, og burde vore digitalisert og tilgjengeleggjort. Gjerne i samarbeid med andre instansar som har interesse, og ikkje minst nytte av denne informasjonen.

I arkiv oppbevart på mellombels lager på Kveldheim i Salhus finst det nokre originale dokument – amerikabrev, reisedokument, ulike pass, attestar, og så vidare. Det er også ei relativt stor samling billetter, menyar og passasjerlister frå Den norske Amerikalinje, desse er originale. Desse er tilvekstførte, men ikkje Primus-registrerte.

Tjoresamlinga, ei samling brev, er listeført og skanna som samling, men det er ikkje oversikt over tema, innhald eller tidsperiode. Desse er ikkje søkbare og ikkje digitaliserte.

Gunnar Nærvdal-samlinga vart gitt til VUS i 2020. Alt er originalmateriale: kring 150 brev til og frå Noreg og USA, og dels mellom slekt i Nordhordland, Hardanger og Bergen. Materialet dekker perioden 1890–ca. 1950-talet. Dette vert no gått gjennom. VUS har ved eit tidlegare høve også fått ei samling papir og reisedokument frå same kjelde.

Johannes Kvinge-samlinga: Totalt 42 postkort som er sendt frå Amerika til Norge

Svært mykje at det arkiverte materialet som MUHO fekk frå dei frivillige ved konsolideringa er i kopiar av bilete frå hefte og bygdebøker, særleg frå Voss-området. Det som kan sjå ut som om det er originale gamle bilete, er postkorttrykk og suvenirpostkort av gamle bilete av klassiske Old West Photos. Mange av bileta er kopiutskrifter av rasta bilete frå bøker.

Foto

Mykje av fotomaterialet er kopiar, og ofte tilfeldige gåver til dei frivillige. Kopiane kan ha ein viss kildeverdi når det gjeld innhald. Det finst ein del nyare foto, men lite opplysningar om dei. Ein del foto av unge norskamerikanarar i arkiv av samlinga «Den amerikanske draumen om Norge». Dette er digitalt materiale som skal innlemmast i samlingane. Det er ein del bilete knytt til flyttinga av kyrkja, ein dokumentasjon av dei frivillige sin innsats.

Oppbevaringsforholda er tilfredsstillande, materialet er tilvekstført, men ikkje registrert, skanna eller digitalisert. Samlingane er tilgjengelege, men ikkje effektivt søkbare på innhald. Brevsamlingane er ikkje tematisk eller kronologisk ordna eller søkbare.

Dokumentasjon og kjeldeproduksjon

I samband med eit større prosjekt i Mangfoldsnettverket er det sett i gong ei innsamling av munnlege kjelder og intervju. Dette er samtidsdokumentasjon av menneske med minoritetsbakgrunn si oppleving av møte med norske samfunnsinstitusjonar og samfunn. Vi har i prosjektet *Nye stemmer, samme samling* fått inn 11–12 intervju med til dels livsfortellingar knytt til migrasjon.

M U H O

I 2025 er det 200 årsjubileum for den norske utvandringa til Amerika, og i samband med dette er vi alt i gang med innsamling av munnlege fortellingar, som også blir del av samlingane våre. I denne samanhengen håpar vi også å få samla inn meir originalmateriale av amerikabrev og kort, ev. også nokre gjenstandar.

Fagbibliotek om slekt, utvandring, norskamerika og migrasjon

VUS har ei stor og omfattande samling av norskamerikanske publikasjonar og tema. Her er mange årgangar av norskspråklege utgjevingar frå USA. I tillegg er det også ei stor samling av bygdebøker og slekt som er av stor interesse for slektsforskarar. Biblioteket har også ei stor samling eldre litteratur om Noreg, utvandring, busettingshistorie og norsk kulturliv i Amerika. Mykje av dette er utgjeve på norsk i USA.

Det er ønskjeleg å gjere dette fagbiblioteket meir oversiktleg og tilgjengeleg slik at det kan nyttast av studentar, forskarar, slektsforskarar og andre med særleg interesse for temaet. Det er ikkje ønskjeleg allment tilrettelagt for vanleg publikum. Vi treng då ei lettare og meir tilgjengeleg oversikt over biblioteket.

Utfordringar

Samlingane av gjenstandar, dokument og foto inneheld mykje kopiar av kjeldemateriale. For vidare arbeid med samlingane er det viktig å gjere ei prioritering i materialet. Kopiane kan ha informasjonsverdi, men treng ikkje nødvendigvis inngå i ei museumssamling. Prioriteringa vil vere grunnlag for å gjennomføre registrering og tilgjengeleggjering og eventuelt sikre betre oppbevaring.

Det er eit mål å arbeide med vidareutvikling av samlingane gjennom innsamling og dokumentasjon. Det er mange som har til dømes amerikabrev, og bilete, som står i fare for å gå tapt, og anna som hadde vore viktig arkivmateriale.

Då VUS vart oppretta, og i åra etter, var det planar om å innlemme historia til Sjømannskyrkja i Utvandringssenteret. Gjennom prioriteringa må ein også ta stilling til kva som høyrer heime i samlingane og ikkje og eventuell vidare dokumentasjon av dette temaet.

Dokumentasjon av migrasjon i nyare tid, til og frå Noreg, er eit svært relevant område for VUS. Her er det rom for større grad av dokumentasjon, gjerne i form av brev, intervju, bilete og anna.

VUS må utforme ein eigen innsamlings- og dokumentasjonsstrategi. Denne må byggje på oversikt og prioriteringar frå RE-ORG-prosjektet. Gjennom Re-ORG arbeidet vil ein få nødvendig grunnlag for å vurdere vidare innsamling, og det er viktig med ein diskusjon om kva kjelder skal VUS ta ansvar for, og kva som er relevante tema.

Avhending frå samlinga

Vedtektene i eigarstiftinga er litt uklare kring temaet avhending og avdelinga må vurdere om desse må endrast, slik at ein kan ta i bruk avhending og/eller destruksjon som eit legitimt fagleg grep i samlingsforvaltninga.

Del 3: Forvaltning av samlingane

3.1. Aksesjon

Mottak av objekt til samlingane skal gjærast i samsvar med avdelinga sin innsamlingsstrategi, vurderast av tilsette med kjennskap til strategien, og med mandat til å handsame aksesjonar.

For alle objekt som vurderast innlemma i samlingane, skal museet undersøke proveniens og eventuelle rettigheter til materialet. All historikk om tidlegare eigarforhold, bruksstad og bruksområde skal registrerast på eige skjema, og skjema skal arkiverast i både papir og digital utgåve. Digitale kopiar skal lagrast på server som er drifta av KulturIT, med avgrensa tilgang for andre enn museets tilsette. Givar skal få kopi av aksesjonsskjema med tilvekstnummer og signatur frå den som er ansvarleg for mottaket. Skjemaet gjer greie for opphavsretten til objektet(a), og givar skal opplysast om korleis museet lagrar personopplysningar knytt til objekt, og samtykke til det.

Det skal ikkje takast inn gjenstandar eller samlingar der ein ikkje har ressursar til å ta vare på objekta i forsvarleg grad. I alle aksesjonssakar skal det vurderast om det er tilstrekkeleg plass til objektet, og det skal lages ein plan for registrering og digitalisering som samsvarar med museet sine ressursar. Der mogleg, skal nye aksesjonar være registrert og digitalisert innan eit år.

I tilfelle med aksesjon knytt til levande samlingar, som dyr som skal inn i besetningen til museet, skal det være i tråd med eigen og nasjonal bevaringsstrategi/avlsstrategi knytt til den einskilde art/rase.

3.2. Bruk av samlingane

Gjenstandar, foto og arkiv i MUHO skal brukast i forskning og formidling. Dei objekta som er registrert i PRIMUS skal ha ein «status» som seier noko om korleis objektet kan brukast. Vi har til dømes vanlege tilvekstar, utstilling- og dublettsamlingar og bruks- og rekvisittsamlingar. Dei objekta som ikkje har fått status i PRIMUS skal vurderast som om dei er del av vanlege samlingar. Det er likevel rom for å kunne bruke gjenstandane i samlingane, men dette må skje i samråd med den samlingsansvarleg på den einskilde avdelinga.

3.2.1. Flytting

Ved flytting av objekt som er del av samlingane skal samlingsansvarleg konsulterast, og plasseringskoden i PRIMUS skal oppdaterast, slik at vi til ein kvar tid veit kor dei ulike objekta er. I dei tilfella ein handsamar objekt som ikkje er registrert i PRIMUS, eller som ikkje har fått plasseringskode, skal lister med objektinformasjon og plassering behandlast konfidensielt og oppbevarast på server med avgrensa tilgang for uvedkommande. Det skal brukast hanskar og tilpassa løfte/transportutstyr der det er naudsynt. Der det er hensiktsmessig bør også objekt fotograferast før og etter flytting for å dokumentere eventuelle skadar som kan ha oppstått undervegs. Ved flytting av store og krevjande objekt skal ein vurdere om ein treng spesialkompetanse eller eksterne til flytting.

M U H O

Ved transport mellom avdelingar eller i tilfelle der objekt må takast ut av bygningane dei vart oppbevart i, bør det vurderast om ein skal teikne forsikring. Dette er likevel ikkje eit krav, då det i dei fleste høver ikkje er nokon samanheng mellom økonomisk og kulturhistorisk verdi.

3.2.3. Innlån

Dersom museet låner inn gjenstandar, foto eller arkivmateriale til utstillingar, dokumentasjon, forskning eller anna, skal det teiknast ein avtale mellom utlånar og museet. I avtalen skal det komme tydeleg fram kva objekt som er lånt inn, kva tilstand objektet var i ved innlån, og om mogleg også takast foto som dokumentasjon. Avtalen skal vere tidsavgrensa, og det skal komme tydeleg fram når objekta skal leverast tilbake til eigar og korleis. Avtalen skal signerast og daterast av utlånar og av ein representant for museet.

Ved lån av vêr til dei levande samlingane skal det alltid følgje med eigenerklæring om helsetilstand frå besetningen vêren kjem frå.

3.2.2. Utlån

Utlån av gjenstandar, foto eller arkiv kan skje i samband med utstillingar hos andre museum, digitaliseringsoppdrag eller anna. Alle utlån frå samlingane skal skje i dialog med samlingsansvarleg på avdelinga. Som ved flytting, skal plassering oppdaterast i PRIMUS ved utlån, gjenstanden bør tilstandsvurderast og fotograferast. Ein avtale lik den skildra under innlån skal teiknast mellom museet og låntakar av objektet(a).

Ved utlån av vêr frå dei levande samlingane skal det alltid fylgje med eigenerklæring om helsetilstand frå museets tilsette.

Utlevering av objekt, som ikkje fell inn under avhending/destruksjon eller utlån/deponi kan førekomme for eksempel når museet har fått ei gruppe/samling av objekt til vurdering, men vel å levere alle eller delar tilbake til gjevar etter ei vurdering. I slike tilfelle skal det komme tydeleg fram kva objekt som har vore inne til vurdering, og ein signert avtale skal gjere det tydeleg kva objekt som har blitt utlevert og kva som har blitt tatt imot av museet.

3.3. Dokumentasjon

Hovudutfordringar

Museet har *både* store restansar innan registrering og digitalisering av gjenstandar og foto, og registrerte gjenstandar med mangelfull informasjon. Difor treng ein både å arbeide med nyregistrering, og revidere eksisterande registreringar for å sikre at vi har gode kjelder. Omfanget av restansane er stort og ressurskrevjande.

Ei anna utfordring er samlingskategoriar som er usynlege i rapporteringa, men som likevel legg beslag på tid, magasinplass og ressursar. Mykje av dette materialet er ikkje alltid definert som samlingar i avdelingane, og det er ofte ikkje listeført eller registrert. Det kan blant anna vere

M U H O

dokumentasjonsprosjekt,¹⁹ bok- og rekvisittsamlingar. Det er arbeid mykje med registrering og rapportering av levande samlingar og teknisk-industrielle samlingar dei siste åra, og utfordringar i å synleggjere arbeidet med desse i museumsstatistikken.

Mål

MUHO skal ha fullgodt oversyn over samlingane museet forvaltar og gjere dei tilgjengelege.

Strategi

- MUHO skal ha oppdatert grunnleggande informasjon om dei samlingane museet forvaltar og kunne gjere greie for kva rettar og plikter museet har ovanfor dei.
- Slike oversikter skal vere på eit enklare nivå enn registrering, og er grunnlaget for å kunne prioritere vidare arbeid med samlingane og handtere etterslep innan dokumentasjon. Dette korresponderer til SPECTRUM-prosedyren Inventarkontroll.
- MUHO har arbeid mykje med grunnleggande oversikter over dei fysiske samlingane i museet, og fleire avdelingar har lister i Excel og Word i tillegg til registrerte objekt. Ser ein desse samla, har MUHO mykje betre oversyn over samlingane enn før, men når likevel ikkje heilt opp til krava i Inventarkontroll slik det er definert i SPECTRUM. Museet arbeider vidare med enklare listeføring ved gjennomgang og prioritering i ulike delar av samlingane, parallelt med katalogisering.
- I følge *ICOMS museumsetiske regelverk* skal samlingsdokumentasjon «inkludere en fylldig beskrivelse av hver enkelt gjenstand, dens tilknytning og eierhistorie, tilstand, behandling og oppbevaringssted».²⁰ Dette krev meir enn registrering med minimumsinformasjon.
- For tradisjonelle gjenstandssamlingar er registrering, digitalisering og tilgjengeleggjering ein integrert del av dokumentasjonsarbeidet, og desse tala skal følgje kvarandre i den grad det er mogleg.
- For å redusere restansane innan registrering og digitalisering og revidere tidlegare registreringar må det arbeidast kontinuerleg med begge desse oppgåvene, og definerast årlege prosjekt som sikrar framdrift, og er i tråd med tilgjengelege ressursar.
- Framgangen i dokumentasjonsarbeidet vil til ei kvar tid endre seg etter dei overordna måla med kvart enkelte prosjekt. I nokre samanhengar vil det vere riktig å produsere store mengder dokumentasjon i høgt tempo, medan i andre prosjekter vil detaljfokuset vere overordna, som igjen vil føre til meir tidsbruk per gjenstand dokumentert.
- Dokumentasjon bør òg brukast som eit verktøy til å overvake tilstand over tid, både for tradisjonelle museumssamlingar, bygningar og levande samlingar.
- Dokumentasjonssystema, t.d. skjøtelsplanar, skal vere tydelege for andre og lette å overta.

¹⁹ Dette er spesielt aktuelt etter ein har tatt i bruk Primus FDV for museet sine historiske bygningar.

²⁰ *ICOMS museumsetiske regelverk*, 2.20.

M U H O

- Avdelingane skal i planperioden registrere tida som vert brukt på registrering, digitalisering og tilgjengeleggjering, for å danne eit betre grunnlag for utarbeiding av progresjonsplanar.

3.3.2. Registrering

Gjenstandssamlingar og foto vert stort sett registrert i Primus, og arkiv i ASTA. Det vert også arbeidd med utprøving av bruk av Primus til registrering av levande samlingar, men Primus er ikkje tilrettelagd for registrering av alle typar samlingar og samlingsdata i museets eige.

Andre samlingskategoriar vert registrert på følgende stader:

Registreringsstad	Samlingskategori
<i>Naturbasen (MD)</i>	Kartfesta informasjon om utvalde område for natur og kultur
<i>Artsdatabanken(MD):</i>	Kunnskapsbank for naturmangfald. Dokumentasjon og formidlingsdatabase for artar i Noreg.
<i>Askeladden (Riksantikvaren)</i>	Freda bygningar og kulturmiljø
<i>NIBIO (MD)</i>	Genressursar, areal, markslag, gardskart.no
<i>Matmerk:</i>	Kvalitetssikring i landbruket
<i>Mattilsynet</i>	Husdyr

Hovudutfordringar

Museet har store og komplekse samlingar innan ulike felt, og delar av samlingane har få eller ingen opplysningar knytt til seg, noko som gjer registreringsarbeidet krevjande. Hovudutfordringa til MUHO er ikkje avgrensa til restansane på registreringar, men like mykje kvaliteten på dei allereie registrerte samlingane. Passivt mottak av gjenstandar utan klart definerte inntaksstrategiar har også vore med på å auke restansane, og gjort arbeidsfelta meir utflytande.

Dei registreringssystema/databasane MUHO nyttar i dag er ikkje eigna til registrering av alle typar samlingar, til dømes finst det ikkje gode system for registrering av den immaterielle kulturarven og enkelte område innanfor kulturlandskapet.

Avdelingane i MUHO sit også på mykje dokumentasjonsmateriale som i dag ikkje er registrert. Dette kan vere filmmateriale, foto, tekst eller lydopptak. Det trengst betre oversyn over og praksis på registrering av denne typen materiale.

Mål

MUHO skal jobbe for at alle samlingane er dokumentert i tråd med ICOMs museumsetiske regelverk 2.20.

Strategi

- Alle gjenstandar som skal inngå i museets samlingar skal registrerast på ein tilfredsstillande måte som oppfyller *ICOMs museumsetiske retningslinjer*.
- Større nye inntak skal ha ein realistisk plan for registrering og dokumentasjon.

M U H O

- MUHO skal ha jamn framgang i talet på registreringar, som skal konkretiserast i årsplanar for dei enkelte avdelingane.
- Tradisjonelle museumsobjekt skal katalogiserast i tråd med *Registreringsrettledning for Hordaland* (under oppdatering) og andre aktuelle standardar for ulike typar materiale.
- Ein bør bruke autoritetspostar frå KulturNav der det er relevant, for å sikre konsekvent omgrepsbruk og knyte kulturarvsdata betre saman.
- Registreringar og kataloginformasjon skal oppdaterast når ny informasjon kjem til.
- Tematisk tilnærming og prosjektretta registreringsarbeid skal sørge for god prioritering i registreringsarbeidet.
- Dei ulike delane av samlingsforvaltning er tett kopla saman: strategiar for registrering må byggje på oversikter og sjåast i samanheng med revidering/prioritering i samlingane. Registreringsarbeidet må sjåast i samanheng med digitalisering og tilgjengeleggjing.
- Det skal utformast dokumentasjon- og innsamlingsplanar knytt til alle samlingane som skal reviderast ved utgangen av planperioden.
- Samlingsgruppa skal finne system for registrering av dokumentasjonsmateriale, og etablere rutinar for registrering av dette.
- MUHO arbeider ut frå ein visjon om å vere eit «synleg og relevant museum som bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling. Materiale i museet sine samlingar som kan knytast til klima- og miljøtema bør katalogiserast på ein måte som synleggjer dette (for eksempel ved å bruke emneord knytt til miljø og klima).

3.3.3. Digitalisering og tilgjengeleggjing

Det er viktig å sjå digitalisering i samanheng med registrering, tilgjengeleggjing og bevaring. På den eine sida dekkjer omgrepet sikkerheitskopiering av analoge format, men vert også brukt for å beskrive eit ledd i den integrerte delen av samlingsforvaltninga, gjennom registrering, digitalisering og publisering til DigitaltMuseum; ved at ein fysisk gjenstand i samlingane får ein digital representasjon, som sidan vert tilgjengeleg for publikum.

Hovudutfordringar

Utfordringane innanfor digitalisering- og tilgjengeleggjingsarbeidet er knytt til dei same områda som registreringsarbeidet, og mange av utfordringane frå førre underkapittel er difor også gyldige her. Ein føresetnad for digitaliserings- og tilgjengeleggjingsarbeidet er at ein har oversikt over samlingane. Det er gjort mykje ordningsarbeid på fleire avdelingar sidan førre samlingsplan vart vedteken i 2011, men dette arbeidet må framleis prioriterast høgt.

Plassmangel er ei utfordring ved fleire avdelingar som jobbar med gjenstandssamlingar. Lite tilfredsstillande oppbevaring er ein konsekvens, men også arbeidet med registrering og digitalisering blir forseinka som følgje av at ein stadig må improvisere fotostasjonar og mellombelse lagringsløyningar.

Store delar av samlingane i MUHO er registrert, men manglar digital representasjon, og ofte ein del nøkkeldata. Museet har eit etterslep på registreringar, men hovudvekta i etterslepet ligg i

digitalisering og tilgjengeleggjering. Med dagens ressursar, oversikt og med bakgrunn i utfordringane med kompleksiteten i samlingane er det i dag vanskeleg å talfeste eit mål for progresjon i digitaliseringsarbeidet.

Mål

MUHO skal sikre jamn framgang i digitaliseringsarbeidet for å ta att restansar mellom registrerte og digitaliserte/publiserte samlingar.

Strategi

- Digitaliseringsarbeidet vil ha høg prioritet i MUHO i tida framover. Dette er viktig både for vår eigen del i arbeidet med samlingsforvaltning, og for publikum.
- For å redusere avstanden mellom talet på registrerte objekta og digitaliserte/tilgjengeleggjorte, vert det viktig å jobbe meir med gjenstandane som allereie er registrert, for å sikre at dei har digital representasjon og viktige nøkkeldata. Så snart desse er på plass, kan samlingane tilgjengeleggjerast for publikum via DigitaltMuseum og andre digitale formidlingsflater.
- Digitaliserte objekt skal gjerast tilgjengeleg på DigitaltMuseum i den grad det er mogleg, og skal publiserast med så opne lisensar som mogleg, for å lette gjenbruk av materialet.
- Den digitale samlingskatalogen skal organiserast på ein måte som er lett tilgjengeleg, m.a. ved å ta i bruk mapper og artiklar til å framheve materialet. Innhaldet bør løftast fram i museet sine digitale kanalar, nettsider og andre nettressursar der det er naturleg (som Wikipedia), slik at det er lett å finne fram til for interesserte.
- Ordning og organisering av magasina skal ha høg prioritet for å sikre plass og moglegheiter for god flyt i registrering- og digitaliseringsarbeidet.
- Ordningsarbeidet må halde fram for at ein til ei kvar tid skal ha den nødvendige oversikta for å kunne prioritere kva som skal digitaliserast og tilgjengeleggjerast.
- Museet skal sørge for at sensitiv informasjon, personopplysningar og andre konfidensielle opplysningar sikrast i tråd med *ICOMS museumsetiske regelverk 2.22* når publikum får tilgang til samlingsdata. Dette gjerast ved å unngå at sensitiv informasjon blir ført i felt som blir publisert på nett (DigitaltMuseum), og at alle sensitive opplysningar er lagra på sikre serverar med avgrensa tilgang, og at personalet som handsamar opplysningane er underlagt teieplikt.
- MUHO skal forvalte dei sårbare delane av samlingane på ein forsvarleg måte. Digitalisering og tilgjengeleggjering kan vere med på å sikre ein god balanse mellom bevaring og formidling for dei levande samlingane, og minske behovet for handtering av sårbare gjenstandssamlingar.
- Avdelingane skal i planperioden registrere tida som vert brukt på registrering, digitalisering og tilgjengeleggjering, for å danne eit betre grunnlag for utarbeiding av progresjonsplanar. (jf. [Dokumentasjon](#))

3.4. Bevaring

Vurderingar og tiltak for sikring av samlingane og dei ulike lokala dei er oppbevarte i mot farar som brann, naturskade, innbrot og liknande er skildra i sikringsplanen for MUHO.

Hovudutfordringar

Hovudutfordringane er ulike for dei ulike samlingskategoriane. Gjenstandsmagasina våre er for små, men det er også ei utfordring å få oversikt over både gjenstandssamlingar, film og lydopptak slik at ein kan sikre dei at dei viktigaste delane av samlingane har tilfredsstillande oppbevaring. Dei levande samlingane på Lygra og Havrå og den handlingsborne kunnskapen treng ikkje magasin for å bevarast, men nok kompetente tilsette som har innsikt i god skjøtsels- og handverkspraksis. Det vert stadig større utfordringar knytt klimaendringar, som krev meir ressursar for å reparere skadar og bevare bygg og levande samlingar.

Vi ser auka utfordringar knytt til klimaendringar som mellom anna fører til skadar på samlingane, auka utgifter til reparasjonar og tid som må omdisponerast til å handtere auka mengder vatn, skadar og attgroing. Dette gir knappare ressursar til vanleg bevaringsarbeid. Det er også utfordringar knytt til eigar- og driftsstruktur når offentlege og private interesser er tett på kvarandre. Desse må løysast i andre samanhengar enn dette plandokumentet.

Mål

Samlingane i MUHO skal sikrast og bevarast best mogeleg.

Strategi

- MUHO skal gjennomføre prioritering i samlingane slik at det er mogeleg å sikre størst mogeleg del av gjenstandssamlingane under tilfredsstillande forhold, og dei høgt prioriterte delane av samlingane under svært gode forhold.²¹
- Vurderinga vår av oppbevaringstilhøva er basert på Kulturdirektoratet sin argumentasjon om at oppbevaringsforholda må sjåast i lys av behova til dei ulike samlingane. Dårlige oppbevaringsforhold for høgt prioriterte delar av samlinga kan vere tilfredsstillande for andre delar av samlinga.
- Manglande magasinplass er ei utfordring knytt til gjenstandssamlingane i MUHO. Eit mål i denne samanhengen er omorganisering av eksisterande magasin for å nytte plassen betre. Osterøy museum har konkrete utfordringar knytt til oppbevaring av båtar og nitratfilm og må i planperioden finne løysingar på dette. VUS har berre mellombels magasin. Dette må

²¹ Svært gode forhold: Lokale som i størst mogleg grad sikrar materialet mot nedbryting og negativ påverknad, i form av klima, lys, forureining, skadedyr, brann, tjuveri, orden og tilgjengelegheit. Tilfredsstillande er lokale der materialet ikkje blir nedbrote, men det trengst mindre tiltak for optimal bevaring. Dette kan vere bra nok for lågare prioriterte delsamlingar.

løysast på sikt. Grunnlaget for å definere magasinbehovet vil ligge i revisjon av samlingane og utarbeiding av ein tydeleg innsamlingsprofil.

- MUHO har dokumentasjonsmateriale i form av film og lydopptak. Det er utfordringar knytt til at dette er lagra i ulike format. Filformata blir uleselege, og dei fysiske media er forgjengelege og taper seg over tid. MUHO manglar god nok oversikt over materialet, og dette må lagast oversikter over materialet slik at ein kan ta naudsynte steg for å sikre det.
- Dei digitale samlingane omfattar både digitalt skapt dokumentasjonsmateriale på avdelingane, men også digitale samlingar frå andre. Dette materialet er lagra på ulike måtar på tvers i museet, noko som aukar faren for at materiale kan gå tapt. Skylagring av digitale samlingar på same måte som driftsdokument (Sharepoint) er svært tidkrevjande og lite føremålstenleg, og det er difor oppretta ei ekstern fotoserver til dette materialet. Denne er i bruk ved avdelingane i Salhus. Det har vore mange endringar i IT- og lagringsløysingar dei siste åra. Sidan 2021 har MUHO kjøpt IT-tenester frå KulturIT. Dette vil sikre museet den naudsynte IT-kompetansen, og dei rette verktøya til å forvalte dei digitale samlingane på eit betre vis.
- MUHO har teke ansvar for å sikre handlingsboren kunnskap knytt til forvaltning av samlingane våre, eller særskilde kulturhistoriske område. Denne vert sikra gjennom praksis i museet og vidareføring i undervisningssamanheng. Dei store utfordringane er sårbarheita i at kunnskapen er knytt til personar – ofte berre ein person - og museet må arbeide vidare med korleis ein skal sikre sårbar kunnskap.
- Bevaring av levande samlingar skal skje gjennom oppdaterte skjøtelsesplanar for alle deler av desse samlingane og at dei tilsette har god kunnskap om skjøtelsesmetode og lokal reiskapskultur. Målet er at dei levande samlingane skal vere i like god stand når ein leverer dei frå seg.
- MUHO nyttar PRIMUS i arbeidet med forvaltning av bygg. Tilstandsvurderingar skal vurderast for alle bygg kvart år, og på bakgrunn av ei vurdering, sett i samanheng med formidlingspotensiale, vil det bli satt opp ei prioriteringsliste over vedlikehald. Tilstandsvurderingar, utbetringar, reparasjonar og endringar skal registrerast slik at ein skal kunne følgje det einskilde byggets historikk og utvikling.

3.5. Samlingsutvikling

3.5.1. Revisjon av samlingane: prioritering og avhending

Hovudutfordring

Museet har avgrensa ressursar til å ta vare på samlingane, både økonomiske/menneskelege og fysisk magasinplass. Det er også ei kjend sak at mange museum tek vare på liknande objekt. MUHO må difor gjere gode prioriteringar og val av dokumentasjonsarbeid, magasinplass – og i nokre tilfelle om objekt bør takast ut av samlinga. Avhending og destruksjon er to moglege utfall av ein prioriteringsprosess, og aldri eit mål i seg sjølv.²²

Mål

MUHO skal prioritere i eksisterande samlingar for å gjere samlingane relevante og utnytte ressursane best mogleg.

Strategi

- Prioriteringsarbeidet skal skje med bakgrunn i samlingsplanen til museet, og gjennomførast på ein gjennomtenkt, transparent og etterprøvbar måte av eit myndiggjort organ i museet. Arbeidet krev tilfredsstillande oversikt over samlingane, og prioriteringsoppgåvene må løysast i takt med at museet får betre oversyn.
- Avhending av kjeldemateriale frå samlingane er styret sitt ansvar i samarbeid med direktør og samlingsansvarleg (jf. ICOM 2.14), eit ansvar som i praksis er delegert til samlingsgruppa. Avhending av større gjenstandar/samlingar, eller der avhendinga får økonomiske konsekvensar, skal leggest fram for styret.
- I prioritering- og avhendingsspørsmål baserer MUHO seg på ICOMs museumsetiske regelverk, føringane i *Retningslinjer for avhending* og bruk av PRIO-skjema. Andre verdivurderingsverktøy, som Significance, kan også vere aktuelle i ein prioriteringsprosess. Prosessen skal planleggast, ein bør bruke god tid, og informere tilsette og aktuelle interessantar. Museet skal dokumentere arbeidet og avgjerdene, og ta vare på dette slik at det er tilgjengeleg i ettertid.
- For prioritering i bygningssamlingar, sjå «Bevaring» over.
- For levande samlingar er samlingsutvikling knytt til måla for den einskilde garden, der størrelsen og markslag på dei ulike driftsområda, bygg til dyr og fôr set grenser. Museumsgardane til MUHO er starta opp att etter fleire år utan drift. Eit viktig mål er å ha ein innsamlingplan med hovudfokus på landrasane, og ein avlsstrategi knytt til dei dyra ein til ein kvar tid har: som godt flokkinstinkt, godt eksteriør, lynne og ullkvalitet etter rasestandarden. Når det gjeld dei ulike markslaga, som lauveng, semi-naturleg slåtteng og kystlynghei, så har ein over lengre tid restaurert desse. Målet med samlingsutvikling framover er å syte for at skjøtsel (“magasinerings”) vert gjort etter stadbunden

²² Sjå Seilfaldet, Heidi. «Retningslinjer for avhending: Prioritering, avhending og destruksjon av kulturhistoriske museumsgjenstandar», s. 4.

tradisjon/skjøtselsplan, slik at dei ikkje vert forringa eller døyr. Sistnemnde er særleg viktig for styvingstrea. I tillegg bør det vere eit mål at ein klarar å restaurere tilbake driftsområda så langt museet har ressursar, då mange artar som i dag er raudlista, er avhengig av desse ulike kulturavhengige naturtypane.

3.2 Strategi for innsamling og dokumentasjon

I denne samanhengen er «dokumentasjon» brukt om innhenting av nytt kjeldemateriale i form av film, foto eller liknande som eit alternativ til innsamling fysiske objekt. For retrospektiv dokumentasjon av dei samlingane museet allereie har, sjå målområde 1.

Mål

Ny tilvekst skal vere i tråd med innsamlingsstrategi og innsamlingsplanane for dei ulike avdelingane og stå i forhold til ressursar til oppbevaring og dokumentasjon av materialet.

Strategi

- Strategiar og planar for innsamling og dokumentasjon er i MUHO forankra i dei samlingane museet eig eller forvaltar. Unntaket er samlinga i Ådnatun, der det ikkje skal drivast ytterlegare innsamling eller dokumentasjon. (sjå vedlegg til plandokumentet)
- Kvar avdeling syter for oppdaterte innsamlingsplanar knytt til sine samlingar.
- Ny innsamling skal skje i tråd med samlingsplanen (jf. *ICOMS museumsetiske regelverk 2.9*). for kvar enkelt avdeling.
- Tilveksten må stå i forhold til kapasitet og ressursar til oppbevaring av materialet og å gjennomføre dokumentasjonsarbeid.
- Det er eit mål at dei tradisjonelle museumssamlingane skal utviklast gjennom ei meir aktiv tilnærming som utfyller dei eksisterande samlingane.
- Avdelingane skal vurdere dokumentasjon som eit alternativ og/eller supplement til inntak av fysiske objekt.
- Inntak av større gjenstandar/samlingar skal handsamast i samlingsgruppa, og eventuelt av styret der inntak får økonomiske og bemanningsmessige konsekvensar.
- Innsamlings- og dokumentasjonsarbeidet skal vere i tråd med MUHO sine mål om at sosialt og kulturelt mangfald skal speglast i museet sitt arbeid. Museet bør ha underrepresenterte grupper i tankane ved ny innsamling, og ved bruk av eksisterande samlingar i nye samanhengar.

Vedlegg 6: Tiltak 2024–2027

Årshjul			
januar	februar	mars	april
<ul style="list-style-type: none"> • arbeid med museumsstatistikk • oppdatere oppbevaringsforhold • årsmelding MUHO 		<ul style="list-style-type: none"> • levere statistikk 	
mai	juni	juli	august
	<ul style="list-style-type: none"> • halvårsmelding styret 		
september	oktober	november	desember
	<ul style="list-style-type: none"> • haustmøte samlingsutvalet • planlegge bruk av fellestenester og magasin • årsplanarbeid 	1. fagplan/avdelingsplan <ul style="list-style-type: none"> • løypemelding til styret 	1. budsjettsøknad KUD

Rapportering:

Leiar for samlingsgruppa rapporterer til leiargruppa ved fagleg leiar på fellestiltak.

Avdelingsleiarane rapporterer på avdelingstiltak i løypemeldingar og årsrapportar.

Samlingsgruppa har jamlege møter for å fylgje opp status i arbeidet.

	TILTAK 2024	TILTAK 2025-27	ANSVAR gjennomføring/ rapportering
Felles alle avd	Avklare eigarforhold til samlingane.		Direktør/leiting i MUHO
Felles alle avd.	Vidare tilpassing til SPECTRUM. Vurdere i kva grad vi vil bruke Spectrum-prosessar i Primus 10 (tidlegast 2024).		Samlingsgruppa
Felles alle avd.	Prioritering i samlingane TIM: mogleg avhendingscase i samband med asbestsanering i Fabrikkbygg 1900/kjellar. OM: vidare arbeid med Garverimuseet, finansiering	Generelt: innarbeide praksis på å gå gjennom konkrete avhandlingssaker i samlingsgruppa	Samlingsgruppa OM /samlingsgruppa, bygg-gruppa

Felles alle avd	Sikre sårbar kunnskap knytt til samlingane i MUHO:		
HAV	<ul style="list-style-type: none"> • fortsette internkursing i reiskapskultur • Kursutvikling og gjennomføring på eksterne arenaer • Overlapping/kunnskapsoverføring 	<p>Halde fram med internkurs i reiskapskultur</p> <p>Arbeids- og undervisningsopplegg knytt til slåtten</p> <p>Kursutvikling og gjennomføring på eksterne arenaer</p> <p>Kunnskapsoverføring</p>	<p>Fagleg leiar</p> <p>Fagleg leiar/driftsleiar/kulturlandskapsforvaltar</p> <p>Avd.leiar / tilsette</p>
OM/HAV	kartlegge tema/område som er særleg sårbare i våre samlingar/kompetansfelt, utarbeide ein strategi og prioritere tiltak		Avd.leiar
TIM	finne løysingar/finansiering for overlapping og kunnskapsoverføring på maskinparken.	Arbeide vidare med overlapping og kunnskapsoverføring på maskinparken.	Avd. leiar TIM, samlingsleiar, maskinteknikar
LHS	<ul style="list-style-type: none"> • kartlegge dokumentasjonen av Lyngheisenteret og sikre varig og tilgjengeleg lagring av desse. • Intervjue lokale informantar på Lygra. • Lære opp tilsette og ivareta immateriell kunnskap ved å følge det tradisjonelle årshjulet for lyngheidrift. 	<ul style="list-style-type: none"> • Lære opp tilsette og ivareta immateriell kunnskap ved å følge det tradisjonelle årshjulet for lyngheidrift. • kartlegge dokumentasjonen av Lyngheisenteret og sikre varig og tilgjengeleg lagring av desse. 	LHS: Avdelingsleiar og fagansvarleg
Felles OM/TIM	<p>Gjere samlingane tilgjengeleg digitalt</p> <p>Vidareføring av strategiprojektet som ein del av drift. Sette av tid til å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • redusere restansar registrering, digitalisering/ tilgjengeleggjering • betre metadata • gjere innhaldet i den digitale samlingskatalogen - DigitaltMuseum lettare tilgjengeleg <p>OM: 3 md. på digitalisering av samlingane (inkl. ny digital åklekatalog, og 1 md. på anna revitaarbeid årleg, 2 md. på TIM. Finne gode prosjekt til dokumentasjonsteam som hjelper oss å nå målet.</p> <p>Kuratere og organisere innhaldet på DM og lenke til andre stadar på nett – eigne nettsider, Wikipedia, o.l.</p>		Avdelingsleiar OM/TIM, samlingsforvaltar
Felles Havrå og LHS	Gjennomføre tiltak for dokumentasjon/overvaking av dei levande samlingane: faste fotopunkt og tidsintervall. I 2024 startar vi eit pilotprosjekt		Avd. leiar LHS, Havrå

	for registrering av levande samlingar i Primus på Havrå.		
	Digitalisering: «Lag på lag». Lette tilgang til eksisterande databasar for levande samlingar. Kople dokumentasjon og IKA til anna katalogisering. Ulikt dokumentasjonsarbeid (NIKU) frå Havrå vil bli lagt inn i ArcGIS.	Halde kontakt med NIKU for ytterlegare dokumentasjon av garden samt veitene.	Avd. leiar LHS, Havrå

HAVRÅ	Redusere risiko for skade på samlingane: Kontakte Vest Oppmåling for GPS-merking av granfelt/enkelttre. Få pris på felling og helikoptertransport. Søk midlar. Osterøy kommune/SV/FK/MUHO/grunneigarane	Felling/transport av tre, dersom ein ikkje vart ferdig i 2021.	Avd. leiar
	Osterøy kommune har fått ny forvaltningsplan for hjort 2023. Fokus på sterkare avskyting. Over tid vil ein sjå om dette tiltaket fungerer etter hensikta.	Halde fram med arbeidet, dersom ein ikkje får ei løysing	Avd. leiar
	Fotodokumentasjon: lage system/oversikt	Halde fram	Avd. leiar
	Digitale verktøy. Lære/ta i bruk ArcGIS og PRIMUS for bygningar og levande samlingar.	Halde fram	Avd. leiar
		Gjennomgang av innsamlingsplan. M.a. avklare innsamling av gjenstandar	Avd. leiar/ samlingsgruppa
		Registrere gjenstandar i Litla-løa	Avd. leiar/ samlingsgruppa

LHS	Foto: kartlegge lokalhistoriske foto på Lygra, gjere avtaler med eigarane	Foto: Digitalisere og registrere materialet.	Avd. leiar
	I samarbeid med Universitet i Bergen (UiB), NIBIO mfl.: samle inn data og kunnskap om det biologiske mangfaldet og det kulturbiolegiske systemet knytt til		Avd. leiar og fagansvarleg

	lyngheiene og husdyra i dette landskapet.		
	Plan for dokumentasjon av senteret si historie og den faglege og driftshistoriske kunnskapen grunnleggjarane sit med.	Dokumentasjon av senteret si historie og den faglege og driftshistoriske kunnskapen grunnleggjarane sit med.	Avd. leiar
	Betre dokumentasjon av eige arbeid i samlingane og følgje med endringar i landskapet over tid.	Skaffe intern kompetanse på dokumentasjon av lyngbrenninga med lyngbrenningsfelt og brannkart og bruk av GPS, kart og foto. Fram til no er det UiB som i stor grad har gjort dette.	Avd. leiar
	Revisjon skjøtelsesplan for lyngheiene	Magnusgården: Skjøtelsesplan med innmark, kulturbeitet og Lurøy. Restaurering av slåttemark Grøfting kring driftsbygning	Avd. leiar og fagansvarleg
	Oversikt kulturminne i landskapet gjennom kartmateriale (RA)		Avd. leiar
	Legge inn kulturlag på UiB sin virtuelle feltguide for Lygra og Lurekalven.		Avdelingsleiar og fagansvarleg

Osterøy museum	Redusere restansar ved å etablere gode arbeidsplassar, sikre internett-tilgang i heile adm. bygget og definere tidsbruk til arbeidet i arbeidsplanar. Tematisk inndeling av samlingane. Revisjon av registreringar og nyregistreringar, plassering - avklare proveniens og kople den ikkje-materielle kunnskapen til gjenstands-, foto- og arkivsamlingane. Vi skal bruke min 3 månadsverk for å sikre jamn progresjon i arbeidet med redusere avstanden mellom talet på registrerte og digitaliserte gjenstandar.	Redusere restansar (sjå ovanfor)	Samlingforvaltar org./planlegg
	Avklaringar kring eigarforhold skal vera avslutta. For Osterøy museum gjeld dette Tjore-samlinga		Avd. leiar/ praksisstud.
	Dokumentasjon pelsdyr		Avd. leiar
	Dokumentasjon verktøysamling Under vilkår av ekstern finansiering skal kyrkjebåten på Hamre restaurerast for bruk.		Samlingsutviklar Trond Oaland?

**M U
H O**

	Det skal arbeidast vidare med ein digital katalog knytt til åklebok-prosjektet	Det skal arbeidast vidare med ein digital katalog knytt til åklebok-prosjektet	Samlingsutviklar
	Bygge opp referansesamling for tekstilmaterialar og teknikkar, gjennom prioritering av eksisterande samling og ny innsamling.	Bygge opp referansesamling for tekstilmaterialar og teknikkar, gjennom prioritering av eksisterande samling og ny innsamling.	Tekstilhandverkar
	Reorganisering Tekstilmagasin Vurdere gjenstandar på eksternt lager	Gjenstandsmagasin – prioritering av store gjenstandar	Avd. leiar

TIM	Vidare dokumentasjon og digitalisering av samlingane i tråd med felles plan: fokus på maskinparken, fotosamlinga og tekstilar.		Samlingsansvarleg
	Rydding og prioritering i Fabrikbygg 1900 etter asbestsanering.	Vidare arbeid med sanering i kjellar fabrikkbygget, reingjering og prioritering av maskiner m.m.	Samlingsansvarleg/ maskin/bygg
	Rydde i nålelager, maskindelar (vinter 2024)		Maskinteknikar/ samlingsansvarleg
	Montere kardeverk i karderier 1910/sette i køyrbar stand.		Maskinteknikar/ samlingsansvarleg

VUS	utarbeide innsamlingsstrategi	prioritere/rydde i gjenstands/arkiv/ fotomateriale	Avd. leiar
	dokumentasjons/ intervjuinnsamling		Avd. leiar
	Registrere digitalt materiale, foto og fortellingar	endre vedtekter	Avd. leiar